



HØGSKULEN I VOLDA



Forskingsmelding for Høgskulen i Volda 2021

Lagt fram for Forskingsutvalet 2. juni 2022 og Høgskulestyret 16. juni 2022

Volda, 30. mai 2022

Henriette Hafsaas

Innhold

Om meldinga: Føremål og kjelder	3
1. Måloppnåing og tilrådingar	4
1.1 Oversikt over måloppnåing på styringsparameterane for forskning	4
1.2. Positive utviklingstrekk frå meldinga	4
1.3 Utfordringar og tilrådingar	5
2. Forskingsstrategi	7
2.1 Måloppnåing for strategiplanen	7
3. Forskarutdanning	8
3.1 Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag	9
3.2 Gjennomføringsgrad i forskarutdanninga	9
3.3 Avhandlingsforum	10
3.4 Forskarskular	10
3.5 Ressursar til stipendiatar	10
3.6 Koronapandemien for stipendiatane	10
4. Publisering og formidling	11
4.1 Vitskapleg publisering	11
4.2 Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker	12
4.3 Internasjonal publisering	13
4.4 Publisering og kjønn	13
4.5 Formidling og interne publiseringspoeng	14
5. Bidrags- og oppdragsfinansiert forskning	15
5.1 Noregs forskingsråd	15
5.2 EU-midlar	16
6. Kompetanseprofil	17
6.1 Fagleg kompetanse	17
6.2 Kjønnsfordeling	18
6.3 Aldersfordeling	18
6.4 Mellombelse tilsette	19
6.5 Kompetanseopptrykk i 2021	19
7. Støttefunksjonar og verkemiddel	20
7.1 Forskingsadministrasjonen	20
7.2 Forskingsutvalet	20
7.3 FoU-tida på avdelingane	20
7.4 Internasjonalisering av forskinga	21
7.5 Støtteordningar for forskning	21
7.6 Publiseringsutvalet	24
7.7 Forskingsetikk	24
Vedlegg 1: Forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda	25
Vedlegg 2: Forskingsutvalets samansetning i 2021	26

Om meldinga: Føremål og kjelder

Styret ved Høgskulen i Volda (HVO) har sidan 2010 fått fremlagt årlege forskingsmeldingar for å kunne vurdere status og utvikling i høgskulens forskingsverksemd.¹ Sidan 2017 har Forskingsmeldinga tatt utgangspunkt i Kunnskapsdepartementet (KD) sin *Tilstandsrapport for høgare utdanning* og legg vekt på dei nasjonale styringsparameterane.² Forskingsmeldinga for 2021 utgjer status pr. 31. desember 2021, men i somme høve er utviklinga i 2022 også omtala.

Meldinga er organisert i sju kapittel:

1. Måloppnåing og tilrådingar
2. Forskingsstrategi
3. Doktorgradsutdanning
4. Publisering og formidling
5. Bidrags- og oppdragsfinansiert forskning
6. Kompetanseprofil
7. Støttefunksjonar og verkemiddel

Fire eksterne datakjelder har vorte nytta i arbeidet med Forskingsmeldinga:

- **Tilstandsrapporten for høgare utdanning** (2022) skildrar tilstanden i universitets- og høgskulesektoren (UH) og viser utviklinga over tid. Når denne kjelda er nytta er det merka med «TR 2022».
- **Database for statistikk om høgare utdanning** (DBH) inkluderer statistikk om mellom anna stillingskategoriar, årsverk og alder på vitskapleg tilsette. Denne kjelda er markert med «DBH».³ Statistikk om tilsette er personalsituasjonen pr. 1. oktober det enkelte år.
- **Cristin** er eit forskingsinformasjonssystemet der vitskaplege publiseringar og annan forskings- og utviklingsaktivitet vert registrert.⁴ Cristin-registreringane utgjer grunnlaget for statistikk om publisering i DBH og for utrekning av interne formidlingspoeng ved HVO.
- **Tidsbrukundersøkelsen** (2021) er UH-sektoren sin undersøking om tidsbruk. *Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning* (NIFU) utfører undersøkinga gjennom spørjeskjema som vert sendt til alle fagtilsette i UH-sektoren i Noreg kvart femte år. Resultatet vert ein rapport som samanstillar data om tid

brukt på forskning og utviklingsarbeid (FoU). Denne kjelda er merka med NIFU 2021/15.⁵

Interne dokument nytta i arbeidet er:

- Strategiplan for Høgskulen i Volda 2017-2020 (Vedtatt 26.01.2017 og revidert 08.03.2018) og forlenga ut 2021 på grunn av koronapandemien.⁶
- Etatstyringsmøte 2021.⁷
- Planar for 2021.⁸
- Årsrapport 2021.⁹

HVO høyrer til gruppa av statlege høgskular. Det er berre fem statlege høgskolar (STH) igjen etter fusjonane i UH-sektoren: Høgskolen i Innlandet (HINN), Høgskolen i Østfold (HiØ), Høgskulen i Volda (HVO), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Samisk høgskole (SH). Høgskulen på Innlandet og Høgskulen på Vestlandet har ambisjonar om å verte universitet.

I fleire statistikkar i denne meldinga er Høgskolen i Molde (HiM), som også er lokalisert i Møre og Romsdal, tatt med i samanlikningane, sjølv om det er ein statleg vitskapleg høgskule. Samisk høgskole er tilsvarande ikkje med i samanlikningane sidan det er ein liten og spesialisert høgskule.

¹ <https://www.hivolda.no/forsking/forskingsmelding>

² <https://hkdir.no/rapportar/tilstandsrapport-for-hoeyere-utdanning-2022>

³ <https://dbh.hkdir.no/>

⁴ <https://www.cristin.no/>

⁵ *Når timene telles*. NIFU arbeidsnotat 2021/15: <https://hdl.handle.net/11250/2831574>

⁶ https://www.hivolda.no/strategiplan_revidert

⁷ <https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/tilbakemelding-etter-etatsstyringsmote-2021.pdf>

⁸ <https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/plannar-hvo-2021vedtatt-styret-101220.pdf>

⁹ <https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/hvoarsrapport20212403.pdf>

1. Måloppnåing og tilrådingar

Forskingsmeldinga for 2021 viser at Høgskulen i Volda framleis må heve kvaliteten i forskinga for å nå ambisjonane våre, betre resultat på forskning som forventa av Kunnskapsdepartementet og hevde oss blant dei andre statlege høgskulane.

1.1 Oversikt over måloppnåing på styringsparameterane for forskning

Både Kunnskapsdepartementet og Høgskulen i Volda har fastsett styringsparameterar for forskning. **Tabell 1** syner at HVO ikkje har nådd ambisjonane som vi hadde sett oss for forskingsresultat i 2021, men vi har ei positiv utvikling på fleire styringsparameterar.

Tabell 1: Måleparameterar frå KD (lysegrøn) og HVO (grå). Resultat for HVO i 2021, ambisjon for HVO i 2021 og snitt resultat for samanliknbare høgskular¹⁰ i 2021. Pil oppover viser til positiv utvikling, pil bortover syner ingen endring og pil nedover viser til negativ utvikling.

Måleparameter		2021	Ambisjon	Snitt
Kunnskapsdepartementet	Gjennomstrøyming doktorgradsutt. %	20 ↘	-	26,6
	Publiseringspoeng pr. fagleg årsverk	0,45 ↘	0,6	0,77
	Verdi av Horisont 2020 pr. FoU-årsverk	0	0	ingen data
	Bidragssinntekter frå NFR pr. fagleg årsverk	11 →	13	30
	Kvinner i dosent- og professorstillingar %	25 →	30	38
	Mellombels tilsette i faglege stillingar %	14 ↗	12	13
	Tal studiepoeng pr. fagleg årsverk	631 ↗	630	670
Høgskulen i Volda	Tal søknader til NFR og EU	4 ↗	7	ingen data
	Tal publiserte kronikkar	30 ↘	35	ingen data
	Del førstestillingar av faglege årsverk %	53 ↗	55	59
	Del kvinner av tilsette med førstekom. %	45 →	50	48
	Artiklar m/intern. samforfattarskap %	13 ↗	20	45

HVO har ei positiv utvikling når det gjeld styringsparameteren til KD om å få ned delen mellombelse tilsette i faglege stillingar. Vi har også ein positiv utvikling med å få ned talet studiepoeng pr. faglege årsverk, som er ein ambisjon for å styrke kvaliteten på undervisninga og for å få frigjort meir tid til forskning. Dei samanliknbare statlege høgskulane har litt høgare produksjon av studiepoeng pr. fagleg årsverk enn HVO. Det er også ein positiv utvikling på HVO sine eigne styringsparameterar om å sende fleire søknader til

nasjonale og internasjonale finansieringskjelder, prosentdelen førstestillingar av alle faglege årsverk og prosentdelen artiklar med internasjonalt samforfattarskap.

HVO ligg på same nivå som i 2020 når det gjeld KD sine styringsparameterar om bidragssinntektar frå Forskringsrådet pr. faglege årsverk og prosentdelen kvinner i professor- og dosentstillingar. Det er forventa at HVO i 2022 vil få ein auke i talet på kvinner med toppkompetanse. For HVO sin styringsparameter på prosentdel kvinner av tilsette med førstekompetanse ligg vi også på same nivå som året før.

KD har også ein styringsparameter for gjennomstrøyming i doktorgradsutdanningane. Relativt få stipendiatar ved HVO gir lite føreseieleg framdrift i doktorgradsprojekta, så HVO har ikkje talfesta ein ambisjon på gjennomstrøyminga. Naturlege svingingar gjer at HVO har ein nedgang i kor mange som disputerer i løpet av 6 år, og vi ligg litt under snittet for høgskular vi bør samanlikne oss med.

Ein annan sentral styringsparameter for forskning frå KD er publiseringspoeng pr. faglege årsverk. HVO hadde eit rekordår for vitskapleg publisering i fjor med 0,82 publiseringspoeng, og det har vore ein venta nedgang i 2021. Resultatet er likevel under ambisjonen vår, og ambisjonen er dessutan under snittet for samanliknbare høgskular.

1.2. Positive utviklingstrekk frå meldinga

Meldinga kan gi eit noko nedslåande perspektiv på forskning og utvikling ved HVO. Det kan difor vere motiverande å nemne nokre av dei viktige framstega HVO gjer på forskning, men som ikkje slår ut på styringsparameterane enno.

Forskarutdanning

HVO har tilsett fleire stipendiatar dei siste to åra. Det er ein auke i talet på disputasar, og stipendiatane publiserer meir enn gjennomsnittet pr. faglege årsverk. Satsinga på stipendiatar vil vonleg gi betre resultat på publisering, auka gjennomstrøyming i doktorgradsutdanninga og fleire disputerar i åra som kjem. HVO jobbar for å få på plass eit sjølvstendig doktorgradsprogram. Det vil vere viktig for å sikre kvaliteten i forskarutdanninga og trivselen for kandidatane.

Publisering og formidling

Dei kvinneleg fagtilsette ved HVO er mellom dei som publiserer mest i sektoren. I 2021 kom 53 prosent av forfatarandelane ved HVO frå kvinnelege tilsette.

I 2021 kom meir enn 20 prosent av forfatarandelane ved HVO frå publikasjonar på nivå 2. Dette vert rekna som eit mål på god kvalitet i forskinga. Det var også ein auke i talet publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap.

¹⁰ Dei statlege høgskulane utanom Samisk høgskole og inkludert Høgskolen i Molde (vitskapleg høgskole i Møre og Romsdal).

Bidrags- og oppdragsfinansiert forskning

HVO sendte fleire søknader til Forskringsrådet i både 2021 og 2022 enn i 2020. Det vert jobba systematisk med å heve kvaliteten på søknadene og med å sende inn søknader som får avslag på nytt. Forskringsadministrasjonen fekk i 2021 tilslag på midlar frå Forskringsrådet for å sette HVO i posisjon til å sende søknader til EUs rammeprogram for forskning.

Kompetanseprofil

HVO hadde rekordmange opprykk til første- og toppkompetanse i 2021. Dette året nådde vi også 53 prosent tilsette i førstestillingar. HVO er på veg ut av eit generasjonsskifte, og gjennomsnittsalderen på dei fagtilsette er på veg ned. Vi har også prosentvis færre professorar i aldersgruppen 60-69 år enn dei siste åra. Kvinnelege fagtilsette ved HVO publiserer mykje og sender søknader om eksterne midlar. Det er venteleg at HVO vil få prosentvis fleire kvinnelege første- og toppkompetente i åra som kjem.

Forskringsgrupper

Dei fleste fagtilsette ved HVO er no med i éi eller fleire forskingsgrupper. Forskringsgruppene støtter arbeidet med publisering, søknader om eksterne midlar og kompetanseoppbygg.

1.3 Utfordringar og tilrådingar

Det er utfordrande for HVO at vi ikkje når ambisjonane våre for forskning og at dei andre samanliknbare høgskulane har ei betre utvikling enn oss på styringsparameterane for forskning. HVO vert også utfordra på å betre kvaliteten i forskinga i styringsdialogen med Kunnskapsdepartementet. I etatstyringsbrevet for 2021 framheva KD tre indikatorar for forskning som HVO bør få betre resultatutvikling på: vitenskapleg publisering, BOA-inntekter per fagleg tilsett og rekruttering av tilsette med første- og toppkompetanse.

Høgskulestyret, Forskringsutvalet, avdelingane og Forskringsadministrasjonen må skjerpe fokuset på å nå ambisjonane på styringsparameterane for forskning. Vi må halde fram med å oppmuntre til forskning og i større grad prioritere forskning. Forskinga er dessutan under press frå fleire hald – ikkje minst frå konsekvensane av korona-pandemien.

Koronapandemien

Covid-19 har hatt mange konsekvensar for forskinga på kort og lengre sikt, og denne utfordringa har globalt omfang. I 2020 måtte vitenskaplege tilsette plutselig leggje om til digital undervisning og digitale eksamensformer. Dette medførte at mange fagtilsette brukte meir tid på undervisning og mindre tid på forskning i 2020 og til dels også i 2021. Då skular og barnehagar stengte, fekk forskarar med barn mindre tilgjengeleg arbeidstid og ofte dårlegare arbeidsforhold på heimekontoret. FoU-tida til menn ser ut til å ha vorte mindre påverka enn kvinnene, og dette kan henge saman med at kvinner har større omsorgsoppgåver i heimen. Eit fåtal forskarar

fekk også meir tid til å forske under pandemien. Dette var i hovudsak professorar (Tidsbruk 2021: 63-65). Reiseverksemd med moglegheit til å danne nettverk har også vorte avgrensa dei to siste åra, så det er viktig å kome i gang igjen med internasjonale nettverk og utanlandsopphald.

Mange stipendiatar vart forseinka i doktorgrads-prosjekta sine på grunn av pandemien og moglegheitane til utanlandsopphald og konferansedeltaking vart avgrensa. Heimekontor har påverka læringsmiljøet til stipendiatane. Det er ein risiko at fleire stipendiatar ikkje vil klare å fullføre doktorgraden i løpet av stipendiatperioden på grunn av koronapandemien.

Fleire eksternt finansierte forskingsprosjekt har også vorte forseinka i løpet av pandemien, og dette er med på å forklare at veksten i rekneskapsførte inntektar frå NFR i 2021 vart mindre enn ambisjonen.

Forskringsgruppene viser også til utfordringar grunna pandemien. Arbeidet i forskingsgruppene har vore vanskeleg i 2020 og 2021, men vi håper at aktiviteten vil normaliserer seg i 2022.

Det er sannsynleg at vi enno ikkje har sett den fulle effekten av koronapandemien på forskning og utvikling enno. Dette gjeld særleg styringsparameterane om gjennomstrøyming i doktorgradsutdanninga og publiseringspoenga.

Forskarutdanning

Høgskulen må halde fram satsinga på kompetansebygging i form av doktorgradsutdanning. Stipendiatane ved HVO har gode arbeidsvilkår i form av driftsmidlar, kontorplass og andre støtteordningar, og det vert organisert ulike forum som er viktige faglege møteplassar saman med forskingsgruppene. Fullføring av doktorgraden må ha eit vedvarande fokus, og leiarane må ha tett oppfølging av doktorgradskandidatane og særleg dei som vert forseinka.

Gjennomføringsgraden i forskarutdanninga ved HVO for kandidatane som starta i 2011 til 2015 er 44 prosent. Dette er lågt tatt i betraktning at dette er kandidatane som starta for mellom 6 og 10 år sidan. Det er tilrådelig å sørge for at det er godt kvalifiserte og motiverte kandidatane som vert rekruttert til stipendiatstillingane og 50/50-ordninga. Midtvegsevalueringa bør verte nytta til å hjelpe kandidatane til å auke kvaliteten i arbeidet og i nokre tilfelle til å identifisere forhold som medfører risiko for at doktorgradsprosjektet vert forseinka eller avslutta.

Publisering

Høgskulen bør framleis leggje til rette for å auke talet på publikasjonar generelt og med internasjonalt samforfattarskap spesielt. Vitenskapleg publisering sikrer høgskulen fagmiljø med forskingskompetanse som kan tilby forskingsbasert undervisning og bidra til ei kunnskapsbasert utvikling av samfunnet. Vitenskapleg publisering er også viktig for at dei fagtilsette skal få

kompetanseopprykk og gjennomslag på søknader om eksterne forskingsmidlar, og dette er igjen med på å styrke forskinga i dei aktuelle fagmiljøa.

Forslingsgrupper

Målet om å organisere meir av forskinga innanfor forskingsgrupper har som intensjon å støtte arbeidet med vitskaplege publikasjonar, kompetanseheving og søknader om eksterne forskingsmidlar (sjå **Vedlegg 1** for oversikt over forskingsgrupper). I 2019 fekk forskingsgruppene for første gong midlar til fagleg aktivitet gjennom støtte til forskingsgrupper,¹¹ og talet på forskingsgrupper har auka kraftig etter dette. Avdelingane er oppfordra til å gi tid på arbeidsplanane til leiarane av forskingsgruppene, og Forskingsadministrasjonen arrangerer eit forum for forskingsgruppeleiarane ein gong i semesteret. Hausten 2022 bør Forskingsutvalet evaluere ordninga med støtte til forskingsgrupper og utarbeida tydelegare retningslinjer for forskingsgruppene og mandat for leiarane av forskingsgruppene. Målet må vere å bygge endå sterkare forskingsmiljø i tråd med ny strategiplan.

Internasjonalisering

Høgskulen i Volda må tilstrebe større grad av internasjonalisering i FoU-verksemda for å støtte ny UH-lov om høgt internasjonalt nivå i utføringa av forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid. Eit viktig tiltak for dette er å få på plass ei ordning med utanlandsstipend som også vert prioritert i budsjettet framover. HVO må også utnytte eksisterande ordningar som Erasmus+. Det er viktig å prioritere utanlandsopphald i Europa for å posisjonere oss for deltaking i Horizont Europa gjennom Det europeiske forskingsrådet. Det er også kostbart med interkontinentale reiser når det gjeld økonomi og klima.

Bidrags- og oppdragsfinansiert forskning

HVO sender få søknader til Forskingsrådet og har avgrensa tilslag på søknadene. Det har vore sendt éin søknad til Horizon 2020, så vi bør også vere med på søknader til EU.

Kompetanseprofil og FoU-tid

Fleire sentrale fagområde har utfordringar med å rekruttere tilsette med første- og/eller toppkompetanse. HVO må ofte bygge kompetanse hos dei tilsette, og dette tek tid. FoU-tida til den enkelte fagtilsette må nyttast til forskning og fagleg eller kunstnarisk utvikling. Sidan det er viktig for HVO å auke den vitskaplege publiseringa og få fleire kompetanseopprykk, må vi i større grad verne om forskingstida til dei tilsette. Tidsbrukundersøkinga til NIFU viser at HVO må sjå på kor mykje tid som går med til administrasjon og balansen mellom arbeid og fritid.

HVO må henge med i endringane som skjer nasjonalt og internasjonalt i vurdering av forskingskvalitet og

akademiske karrierar. HVO har signert DORA, men vi har ikkje sett på korleis vi skal ta dette vidare eller korleis vi kan nytte verktøy som NOR-CAM.

Verkemidlane og støtteapparatet

Ressursane til FoU må brukast målretta og strategisk. FoU-stipenda bør gå til prosjekt som skal føre til vitskapleg publisering og opprykk. Såkornmidlane må nyttast slik at høgskulen sender fleire og betre søknader om eksterne forskingsmidlar. Det er essensielt at dei som får tildelt såkornmidlar også får tid til å gjennomføre søknadsprosessane som dei har fått støtte til. Vidare er det framleis naudsynt å ha eit kjønnsperspektiv ved tildeling av FoU-ressursar slik at høgskulen kan halde fram med å auke talet på kvinner i faglege første- og toppstillingar. HVO må også få ny likestillingsplan på plass.

¹¹ <https://www.hivolda.no/forsking/stotteordningar/stotte-til-forslingsgrupper>

2. Forskingsstrategi

I utgåande strategiplan for 2017 til 2021 har Høgskulen i Volda hatt som mål å drive forskning og utviklingsarbeid med høg kvalitet for å gi utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. På tampen av 2021 vedtok Høgskulestyret ny strategiplan for HVO.

Satsingsområda i strategiplanen frå 2017 var:

- Dei nye grunnskulelæruddanningane (GLU).
- Ny engelskspråkleg masterutdanning i mediefag.
- PhD-utdanninga i helse- og sosialfag.

I tillegg har utviklingsavtalen med KD eit punkt om ferdigheiter for framtida («Future skills»). Ressursar har vorte prioriterte utifrå desse satsingsområda.

Strategiplanen hadde følgande mål for FoU og menneskelege ressursar:

- Stimulere til nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid.
- Gi studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid ved å involvere dei i aktuelle prosjekt.
- Auke bidrags- og oppdragsinntektene.
- Auke talet søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder.
- Auke tal publiseringspoeng med 15 prosent.
- Ha minst to forskingsprosjekt i samarbeid med Universitetet i Bergen.
- Arbeide for at 60 prosent av fagstaben har førstekompetanse.
- Doble talet kvinner i faglege toppstillingar.

Tabell 2: Oversikt over måloppnåing for strategiplanen 2017-2021.

Område	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Mål
BOA-inntektene	2 555	2 418	2 729	2 890	2 450	2 353	Auke
Søknader til NFR og EU	data manglar			7	3	4	Auke
Publiseringspoeng pr. UFF	0,49	0,51	0,42	0,46	0,82	0,45	Auke 15% = 0,56
Fagstab med førstekompetanse i %	52	53	53	50	52	53	60
Kvinner i faglege toppstillingar (tal)	5	7	6	6	7	6	Doble

Tabell 2 viser at HVO ikkje nådde måla sine for forskning i strategiperioden 2017 til 2021. Det har vore ein nedgang i BOA-inntekter frå NFR. Ein mindre nedgang i inntekter fra Forskningsrådet det siste året skuldast forseinka prosjekt – både som følge av koronapandemien og uttak av lovfesta permisjonar på eksternt finansierte stipendiatar. Det vert sendt få søknadar til NFR og EU. Det har også vore ein nedgang i publiseringpoeng pr. UFF, men det vart publisert rekordmykje i 2020. Vi har ikkje fått i stand eksternt finansierte forskingsprosjekt saman med UiB. HVO står på same stad når det gjeld prosentdel av fagstaben med førstekompetanse, men talet på årsverk har auka. Det har berre vore ein liten auke i talet på kvinner i faglege toppstillingar ettersom det har vore omtrent like mange kvinner som har gått av som det har vore nye som har fått opprykk.

I handlingsdelane til Strategiplanen har HVO hatt som målsetting å:

- organisere meir av forskinga i forskingsgrupper.
- etablere ei forskingsgruppe saman med andre institusjonar innanfor nynorskfeltet.
- greie ut om vi skal opprette ei eiga oppdragseining for FoU-prosjekt.
- auke forskingsinnsatsen gjennom meir målretta prioritering av FoU-ressursane.
- leggje vekt på å formidle forskning i relevante vitenskaplege tidsskrift.
- leggje til rette for at det vert skrive søknader om eksterne midlar frå regionale, nasjonale og europeiske finansieringskjelder.
- auke dei eksterne inntektene gjennom fornya satsing på bidrags- og oppdragsaktivitet.
- auke søknads- og prosjektleiingskompetansen.

Fleire av punkta i handlingsplanane er gjennomførte. Mellom anna har forskinga i større grad vorte organisert i forskingsgrupper (sjå **Vedlegg 1**), og dei har sidan 2019 fått eigne midlar til fagleg aktivitet. Det er oppretta ei forskargruppe for nynorsk skriftkultur i samarbeid med Universitetet i Bergen, og dei har ein eigen skriftserie som dei publiserer i. Både Forskingsadministrasjonen og Forskingsutvalet arbeider med å gjere prioriteringane av FoU-ressursane meir målretta for å auke forskingsinnsatsen, og dei felles kompetansemidlane vart reviderte i 2020. Det har vore formidla at det er viktig å publisere forskingsresultat i relevante vitenskaplege tidsskrift, og dette vert i stadig større grad vektlagt ved tildelingar av interne forskingsmidlar. Hausten 2018 vart det tilsett Forskingssjef med mobilisering av søknader om eksterne forskingsmidlar som ei viktig oppgåve. Det har vorte jobba systematisk med å auke søknadskompetansen i Forskingsadministrasjonen og blant aktuelle søkjarar.

2.1 Måloppnåing for strategiplanen

Dei ulike målområda for forskning i strategiplanen heng tett saman. I løpet av ein periode på 6 år har ikkje HVO klart å heve delen av fagstaben med førstekompetanse. I løpet av strategiplanen har det vore eit generasjonsskifte blant dei fagtilsette. Dette gjeld også kvinner med toppkompetanse. Til tross for at HVO står i eit generasjonsskifte, så har det vedvarande fokus på kompetanseheving og rekruttering sørga for at avgangen av førstestillingar har vore omtrent på nivå med opprykk og tilsettingar.

Når HVO ikkje har klart å auke prosentdelen av fagstaben med førstestillingar, så påverkar dette også publiseringspoenga og prosjekttillsaga.

3. Forskarutdanning

Forskarutdanning er ein sentral drivkraft for kompetansebygging ved Høgskulen i Volda og i regionen vår. Stipendiatstillingar er den mest verdifulle forskingsressursen som ligg til fellesnivået ved HVO. Vi har 16 stipendiatheimlar årleg, og Forskingsutvalet gir råd om stipendiatsatsinga og vedtek dei langsiktige planane for utlysingar av stipendiatstillingar. HVO har også stipendiatstillingar gjennom eksternt finansierte prosjekt, og det er ønskeleg at denne delen aukar for å sikre rekruttering og kompetansebygging.

I 2021 vart det utført 28 årsverk av stipendiatane ved HVO (DBH), og dette er det året der HVO har hatt flest stipendiatar i arbeid. I tillegg kjem tilsette som jobbar mot ph.d.-graden i eit internt 50/50-løp over fem år. Talet på stipendiatar i arbeid er høgare enn talet på heimlar sidan fleire stipendiatar er inne i fireårige ordningar som inkluderer pliktarbeid. **Tabell 3** viser talet på årsverk utført av stipendiatar ved HVO og to andre høgskular av tilsvarande storleik. Aukn i stipendiatårsverk ved HVO i 2021 kan vere eit resultat av at rekordmange stipendiatstillingar har vorte lyst ut dei to siste åra samstundes som langtidssjukemelde har kome tilbake i jobb heilt eller delvis.

Tabell 3: Årsverk utført av stipendiatar ved mindre statlege høgskular, 2014-2021 (DBH).

Inst.	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
HVO	16	18	21	21	25	24	17	28	171
HiØ	17	19	23	21	19	23	29	37	187
HiM	18	17	20	24	22	23	25	28	177

På høgskulens nettsider er det eit oversyn over alle som arbeider med doktorgradsprosjekt ved HVO. I skrivande stund er det nesten 60 namn på lista.¹² Lista omfattar stipendiatar som er mellombels tilsette ved høgskulen, tilsette som arbeider med doktorgradsprosjekt innanfor den femårige ordninga og stipendiatar som er ferdige med stipendiatperioden utan å ha disputert enno.

I 2021 fullførte seks tilsette ved HVO ei forskarutdanning, og fem av dei hadde HVO som arbeidsgivar i stipendiatperioden. Blant desse fem var også den første stipendiaten frå Høgskulen i Volda som disputerte på doktorgradsprogrammet vi har saman med Høgskolen i Molde (**Figur 1**). I tillegg vart fire samarbeidsgradar kreditert HVO (**Figur 2**). Det er positivt med vekst i avlagte doktorgradar ved HVO, men vi har enno ikkje gått forbi toppåret 2013 med sju disputasar. HVO ligg på omtrent same tal disputasar pr. år som dei to andre høgskulane som er samanliknbare når det gjeld tal på stipendiatar (**Tabell 4**). Tabell 12 viser at det har vore utført mellom 16 og 28 årsverk av stipendiatar ved HVO dei åtte siste åra med eit snitt på 21 årsverk pr. år. Vi forventar difor ein auke i tal disputasar framover. Hittil i 2022 har det vore tre disputasar, og alle har vore på

vårt eige doktorgradsprogram. Ved HVO var 33 prosent av doktorgradane i 2021 avlagt av kvinner mot litt over 50 prosent nasjonalt.

Tabell 4: Oversikt over doktorgradar inkludert samarbeidsgradar for HVO og samanliknbare høgskular for perioden 2013-2021 (TR 2022: V3.1 og 3.2).

Inst.	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
HVO	7	6	5	5	2	5	4	2	5	41
HiØ	0	3	2	6	3	6	1	5	3	29
HiM	6	5	5	5	6	4	8	6	2	47

DISPUTAS

Han er høgskulen sin første eigne doktorand

Stein Conradsen er i gang med sin tredje karriere. No vert han den første som skal disputera på Høgskulen i Volda, gjennom høgskulen sitt eige doktorgradsprogram.



Figur 1: Stein Conradsen var den første stipendiaten som disputerte på fellesgraden som Høgskulen i Volda har saman med Høgskolen i Molde (Utklipp frå Khrono 18.02.2021).



Egil Arne Standal
Disputas: 23.04.2021 (UiB)
Avhandling: Opplysningsplikt i barnevernssaker



Hjalmar Eiksund
Disputas: 27.05.2021 (UiB)
Avhandling: Samanheng og samanfall



Synnøve Heggedal Moltudal
Disputas 24.06.2021 (UiB)
Avhandling: Purposeful Actions in Leadership of Learning Processes - A Mixed Methods Study of Classroom Management in Digital Learning Environments



Endre Eidså Larsen
Disputas 19.11.2021 (NTNU)
Avhandling: Filmens figurer - En figuralt tilnærming til film og filmanalyse

Figur 2: Fire tilsette disputerte på samarbeidsgradar i 2021. (Utdrag frå nettsida til HVO).

¹² <https://www.hivolda.no/phd/doktorgrad-volda/doktorgradsprosjekt-ved-hvo>

Tabell 5: Oversikt over utlyste stipendiatstillingar etter planar vedtatt i Forskingsutvalet, eksternt finansierte stipendiatstillingar og mellombelse stipendiatløyvingar på grunn av korona, samt tilsettingar som følgje av utlysingane. For åra 2017-2021.

Årstal →	2017		2018		2019		2020		2021		Totalt		
Ordinære utlysingar FU sak 9/17 ↓	Utløyst	Tilsett	Utløyst	Tilsett	Utløyst	Tilsett	Utløyst	Tilsett	Utløyst	Tilsett	Utløyst	Tilsett	
Doktorgradsprogram: Helse og sosial	2	1	3	2	3	2	3	2	2	2	13	9	
Lærarutdanning	2	2	2	1	2	2	2	2	5	4	13	11	
Nynorsk, inkl. Nynorsksenteret i 2021	1	0			1	0			1	1	3	1	
Samfunnsplanlegging og leining	1	1			1	1					2	2	
Mediefag (AMF)	1	2			2 tilsett i 2017				3	3	5	5	
Andre fag			Ikkje utlyst				Ikkje utlyst				Ikkje utlyst		
Kulturmøte			1	1			1	1			2	2	
Kulturfag (AKF)			1	1			Ikkje utlyst				3	2	4
Opne stipendiatstillingar 2019					4	3					4	3	
Manreport: Doktorgradsprogram									1	1	1	1	
Totalt utlyst og tilsett ordinære →	7	7	7	5	11	8	6	5	15	13	47	36	
Eksternt finansert ↓													
Fylket: Doktorgradsprogram	1	1									1	1	
NFR-prosjektet DigiHand			1	1							1	1	
NFR-prosjektet Manreport (9/21)											1	1	1
Totalt utlyst og tilsett eksterne →												3	3
6 "korona"-stipendiatar 2020 ↓													
Lærarutdanning						D	3	3			3	3	
Animasjon (35/20)							1	2			1	2	
Planlegging (37/20)							1	1			1	1	
Helse- og sosialfag (38/20)							1	0			1	0	
Totalt utlyst og tilsett →	8	7	8	6	11	D	12	11	16	14	56	46	

I 2021 tok Forskingsutvalet initiativ til å lyse ut heile 15 stipendiatstillingar i staden for dei åtte stillingane som skulle lysast ut ifølgje planen i sak 9/17 i Forskingsutvalet. Bakgrunnen for satsinga var avsetningar på stipendiatkontoen på grunn av manglande utlysingar, uttak av lovfasta permisjonar, langvarige sjukemeldingar og tidkrevjande tilsettingsprosessar. **Tabell 5** viser også at nokre fagområde gjennom fleire år har hatt vanskar med å få tilstrekkeleg med kvalifiserte og motiverte søkjarar. Dette har også medverka til færre tilsettingar enn det er midlar til. Særleg vårt eige program har hatt utfordringar med rekrutteringa. Det har vore utlyst inntil tre Ph.d.-stillingar i året sidan 2015, medan det i perioden 2017 til 2020 berre har vore tilsett to stipendiatar på programmet kvart år. Det er difor positivt at fire stipendiatar vart tilsett på programmet i 2021.

Talet på stipendiatstillingar som er eksternt finansierte er lågt, så her har HVO moglegheit til å auke talet – særleg stillingar finansierte gjennom Forskingsrådet og EU.

Gjennomsnittsalderen på stipendiatarane ved HVO i 2021 var 40 år. Gjennomsnittsalderen nasjonalt er 33 år.

3.1 Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag

Saman med Høgskolen i Molde har Høgskulen i Volda eit akkreditert doktorgradsprogram i helse- og sosialfag: Profesjonsutøving – vilkår og utvikling. Doktorgradsprogrammet vart godkjent i 2014, og dei første stipendiatarane på programmet ved HVO starta opp hausten 2015. Ved utgangen av 2021 hadde Høgskulen i Volda 24 stipendiatar på programmet. Den første disputasen frå ein HVO-stipendiat fann stad i februar 2021, og tre HVO-stipendiatar på programmet

disputerte våren 2022 (sjå **Tabell 6**). Dette viser at programmet no er godt i gang.

Tabell 6: Gjennomføringsgrad i doktorgradsprogrammet saman med HIM for HVO-stipendiatarane. For åra med gul bakgrunn har det enno ikkje passert 6 år (nasjonal styringsparameter).

Oppstart ph.d.-program	2015	2016	2017	2018	2019
År sidan start	6	5	4	3	2
Stipendiatar	3	2	2	4	1
Disputasar	1	0	1	1	1
Disputert hittil	33 %	0 %	50 %	25 %	100 %

For HVO-stipendiatarane på doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag vart det oppretta ei eiga gruppe, Metodeforum, som har både faglege og sosiale aktivitetar. Metodeforum vart leia av førsteamanuensis Erlend Vik (HiM) i 2021. Professor Kjartan Leer-Salvesen, førsteamanuensis Silje Louise Dahl og stipendiat Pål Roar Brekke deltek i planleggingsgruppa frå HVO. I regi av Metodeforum har det blitt arrangert to fysiske samlingar med miniforedrag, gruppe- og plenumsdiskusjonar og midtvegsvurderingar. Hausten 2021 vart det gjennomført ein temadag om opplæringsdelen og profilen til doktorgradsprogrammet. Metodeforum får svært gode evalueringar både frå stipendiatarane og dei faglege tilsette.

3.2 Gjennomføringsgrad i forskarutdanninga

Gjennomføringsgraden for ph.d.-kandidatar vert målt ved å sjå på delen ph.d.-kandidatar som har fullført seks år etter opptak på ph.d.-program. Dette er ein av dei nasjonale styringsparameterane til KD. Ei doktorgrads-utdanning er normert til tre år og har normalt eitt årsverk med pliktarbeid i tillegg. Ved HVO er det også fleire stipendiatar som er inne i eit femårig internt løp. Styringsparameteren for gjennomføring tar dermed eit

visst omsyn til lengre opphald i forskarutdanninga av ulike årsaker (TR 2022: 54).

Resultata til HVO for gjennomføring av doktorgraden innan 6 år er framstilt i **Tabell 7**. Av dei fem stipendiatane som starta på doktorgradsutdanninga ved HVO i 2015 hadde éin disputert innan utgangen av 2021. Det vil seie at 20 prosent av stipendiatane som starta i 2015 disputerte innan seks år (**Tabell 7**). Tre av dei som ikkje har disputert innan 6 år utgjer dei tre første stipendiatane som vart tatt opp på vårt eige doktorgradsprogram. Den første av desse disputerte våren 2022. Nasjonalt gjennomførte 68 prosent av stipendiatane som starta doktorgradsutdanninga i 2015 innan seks år (DBH). Femten doktorgradskandidatar som starta ved HVO i perioden 2011 til 2015 har enno ikkje disputert; sju av dei jobbar i dag andre plassar.

Tabell 7: Gjennomstrøyminga av doktorgradsstipendiatar ved Høgskulen i Volda. Gjeld årskulla med oppstarta mellom 2011 og 2015. Årskullet med start i 2015 har hatt seks år på gjennomstrøyming i 2021.

Gjennomføring 2011-15					
Oppstart ph.d.-program	2011	2012	2013	2014	2015
År sidan start	10	9	8	7	6
Stipendiatar	3	1	4	7	5
Disputasar før 6 år	1	0	0	3	1
Disputert før 6 år i %	33 %	0 %	0 %	43 %	20 %
Disputert hittil i 2022	1	1	1	3	2
Disputert hittil 2022 %	33 %	100 %	25 %	43 %	40 %
Tilsette i 5-årige ph.d.	0	1	4	0	2*
Disputert i 5-årig ph.d. %	-	100 %	50 %	-	50 %
Totalt tal på kandidatar	27	Totalt tal på disputasar			12
Gjennomføring 2011-15					44 %

* ein av dei slutta etter fem år

3.3 Avhandlingsforum

Eit verkemiddel for å følgje opp stipendiatane og styrke gjennomføringsgraden er *Avhandlingsforum* der stipendiatar og andre som arbeider med ph.d.-prosjekt ved HVO legg fram prosjektskisser, utkast til kapittel og artiklar. Avhandlingsforum vart leia av professor Jan Inge Sørbo i 2021. Avhandlingsforum hadde åtte møte – fire kvart semester. Nokre av møta var dititale, og det fungerte godt. På dei fleste møta var det ein kombinasjon av presentasjon av prosjekt og fokus på arbeidsprosess, tidsbruk og artikkelskriving. Det var også eit innslag om litteratursøk i samarbeid med biblioteket. Etter som stipendiatgruppa har vorte større, har også deltakinga i Avhandlingsforum auka.

3.4 Forskarskular

For å støtte dei som tek forskarutdanning, er Høgskulen i Volda medlem av regionale og nasjonale forskarskular på fagområde som er relevante for våre stipendiatar og fagfolk.¹³

I dag er HVO med i desse forskarskulane:

- NAFOL (Nasjonal forskarskule for lærarutdanning)

- WNGER II (Western Norway Graduate School of Education II)
- Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies
- RVS (Religion - Values - Society)
- Den nasjonale forskerskolen i historie (the Norwegian Research School in History, NRSH)
- PROFRES (profesjonsretta og praksisnær forskning på områda helse, velferd og utdanning)
- Norwegian Graduate School in Mathematics and Science Education

Dei to siste forskarskulane starta opp i 2022 med støtte frå Forskningsrådet. Felles for desse forskarskulane er at HVO forpliktar seg som institusjon til å delta gjennom å betale for medlemskap. Deltakinga i forskarskulane frå stipendiatane ved HVO varierer.

3.5 Ressursar til stipendiatar

Alle stipendiatar og 50/50-kandidatar får kr. 150 000 i driftsmidlar i løpet av stipendperioden. I tillegg kan dei søke Forskningsutvalet om støtte til utanlandsopphald. Det vart oppretta retningslinjer for bruk av driftsmidlane i 2021. Stipendiatane har samlokaliserte kontor plassar på Lettbygget. Forskningsadministrasjonen gjennomførte eit oppstartsseminar for nye ph.d.-kandidatar i 2021.

3.6 Koronapandemien for stipendiatane

Mange stipendiatar har vorte forseinka i doktorgrads-prosjekta sine på grunn av pandemien. Ved HVO har 10 prosent av stipendiatane søkt om forlenging av stipendiatperioden, og til saman har dei fått 459 dagar forlenging. Dette gir HVO ein meirkostnad i underkant av 2 millionar kroner. Årsakene til forlengingane har vore inngripande hindringar som vanskar med datainnsamling og krevjande arbeidsforhold på heimekontor. I tillegg kjem ekstra dagar til sjukt barn, fleire eigenmeldingsdagar og velferdspermisjonar som alle tilsette hadde tilgang til i løpet av koronapandemien.

Ingen stipendiatar har hatt utanlandsopphald under pandemien. Det er mogleg at pandemien også har gitt dårlegare føresetnader for å danne eigne nettverk for stipendiatane og at dette kan få ein negativ effekt på lengre sikt. Eit viktig grep for å bøte på dette er å få reiseverksemda i gang igjen.

Læringsmiljøet til stipendiatane har også vorte påverka av pandemien med mykje bruk av heimekontor sjølv om stipendiatane har vorte prioriterte som gruppe når det gjaldt fysisk tilgang til campus. I løpet av pandemien har dei fleste disputasane vorte gjennomført hybrid med digital deltaking frå opponentane. Det er ein risiko at at fleire stipendiatar ikkje vil klare å fullføre doktorgraden i stipendiatperioden på grunn av pandemien.

¹³ Sjø <https://www.hivolda.no/phd/forskarskular-og-forskarkurs>

4. Publisering og formidling

Forsking på høgt internasjonalt nivå saman med fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid er ei av hovudoppgåvene i samfunnsoppdraget til Høgskulen i Volda. Ein stor del av arbeidstida til dei faglege tilsette er sett av til FoU (sjå kapittel 7.3. nedanfor). Vitskapleg publisering av forskingsresultat er viktig for å bidra med kunnskapsutvikling – til fagellar, profesjonane og samfunnet for øvrig. Vitskapleg publisering er også svært viktig for HVO i samband med NOKUT sine akkrediteringar av studieporteføljen og for kompetansebygging for våre faglege tilsette.

Formidling er også ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt ettersom vi også skal formidle kunnskap og utbre forståing for bruk av vitskaplege og kunstnariske metodar og resultat. Formidlinga skjer gjennom til dømes populærvitskaplege publikasjonar, leksikonartiklar, foredrag og kronikkar med profesjonsutøvarar og ålmenta som målgruppe.

4.1 Vitskapleg publisering

Vitskaplege publiseringspoeng er eit måltal for volumet og kvaliteten på forskinga. Dei vitskaplege publiseringspoenga utgjer difor ein av dei nasjonale styringsparameterane til KD. Publiseringspoeng er også ein av måleparameterane i Utviklingsavtalen som høgskulen har med KD og som gjeld for tidsrommet 2019 til 2022. Publiseringspoeng vert rekna ut ved å multiplisere forfattarandeler med vektninga av publikasjonsform og kvalitetsnivå (sjå kapittel 4.2 nedanfor). Dei vitskaplege publiseringspoenga er dessutan grunnlag for ei resultatbasert omfordeling innanfor UH-sektoren. I 2021 fekk HVO ei uttelling på 2,4 millionar kroner basert på publiseringspoenga for 2019.

HVO hadde ei endring i samla publiseringspoeng frå 188,95 i rekordåret 2020 til 110,06 i 2021. Dette utgjer

ei nedgang på 78,9 prosentpoeng. HVO hadde også ei negativ utvikling i publiseringspoeng pr. faglege årsverk frå 0,82 i 2020 til 0,45 i 2021. Publiseringar på nivå 2 utgjorde 20,3 prosent av publiseringspoenga ved HVO i 2021. Dette er ei auke frå 14,3 prosent i 2020.

Tilsette i førstestillingar (førstelektorar, førsteamanunsar, dosentar og professorar) ved HVO produserte i snitt 0,96 publiseringspoeng pr. årsverk i 2021. Stipendiatane produserte i snitt 0,58 publiseringspoeng pr. årsverk, medan høgskulelektorane og høgskulelærarane produserte i snitt 0,09 publiseringspoeng pr. årsverk. Det vil seie at det i 2021 trengtest 1 årsverk i førstestilling mot 11 årsverk som høgskulelektor for kvart publikasjonspoeng.

Tellekantsystemet for vitskaplege publikasjonar vart innført nasjonalt i 2006, og dei fire noverande avdelingane på HVO har eksistert sidan 2007. I 2015 vart det innført ein ny modell for berekning av publiseringspoenga (sjå kapittel 4.2 nedanfor), så summene før og etter 2015 er ikkje direkte samanliknbare.

Analyse

Diagram 1 viser utviklinga i produksjon av publiseringspoeng pr. fagleg årsverk ved HVO på avdelingsnivå. Det er ein del svingningar frå år til år på alle avdelingane,




Diagram 1: Publiseringspoeng pr. fagleg årsverk på avdelingane, 2012-2021.




Diagram 2: Publiseringspoeng pr. fagleg årsverk ved HVO og samanliknbare høgskular i perioden 2012-2021 (TR 2022).

men dette er mest merkbar for dei mindre avdelingane AMF og AKF. Det er positivt med ein aukande publiseringstrend ved ASH gjennom dei siste fire åra. Her er det særleg publiseringar frå stipendiatar som aukar, og det viser ein positiv effekt frå doktorgradsprogrammet. AMF hadde ein markant auke i tal på publiseringspoeng i 2020 og ein desto større nedgang i 2021. AHL og AKF hadde også stor auke i 2020 og har hatt ein tilsvarande markant nedgang i 2021.

Vurdering

For dei fleste universitet og høgskular har utteljinga for publiseringspoeng over tid vist seg å vere eit effektivt insentiv. **Diagram 2** viser at samanliknbare høgskular har hatt ein meir gradvis auke i publiseringspoeng pr. fagleg årsverk.

Sjølv om det var forventa med ein nedgang i publiseringspoeng frå 2020 til 2021, så bør vi undersøke i kva grad koronapandemien kan ha hatt utslag på publiseringa.

HVO har hatt ein vedvarande utfordring med at det er relativt få av dei tilsette som publiserer regelmessig. Dette har truleg samband med kompetanseprofilen med den lågaste delen førstestillingar blant dei statlege institusjonane (sjå Kapittel 6.1 nedanfor). Kompetansebygging mot og rekruttering av tilsette i førstestillingar vil vere avgjerande for publiseringa framover.

4.2 Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker

Dei fagtilsette ved Høgskulen i Volda publiserer i eit vidt spekter av vitenskaplege kanalar. Publikasjonar i kategoriane vitenskaplege monografiar (bøker), antologiar (bokkapittel) og tidsskriftartiklar (i periodika) vert inkluderte i publiseringdatabasen *Norsk vitkapsindeks* (NVI) og gir utteljing i KDs resultatbaserte omfordelingsmodell. Dei ulike publikasjonane får utteljing etter kvalitetsnivået på publiseringskanalen og forma på publikasjonen (sjå vektning i **Tabell 8**). Rangeringa av publikasjonsformer er etter estimert arbeidsmengde. Ein monografi er estimert til å tilsvare tre til fem artiklar i vitenskaplege tidsskrift, og eit kapittel i ein antologi er antatt å omfatte mindre arbeid enn ein artikkel i eit vitenskapleg tidsskrift.¹⁴ I tillegg har sampublisering med fagellar utanfor eigen institusjon vorte premiert sidan 2015. Dette vert rekna ut ved at ein får kvadratrot av institusjonens forfatterbidrag delt på det totale talet på forfatterbidrag før ein multipliserer med poeng for nivå og publikasjonsform. Internasjonalt samforfatterskap vert premiert ytterlegare ved at institusjonens poeng framkome ved utrekninga for sampublisering vert multiplisert med ein faktor på 1,3. HK-dir fører liste over godkjente vitenskaplege publikasjonskanalar – både tidsskrift og

forlag.¹⁵ Det er opp til forskarane å passe på at kanalane dei vel å publisere forskingsresultata i er godkjende.¹⁶

Tabell 8: Vektning av publikasjonar etter publikasjonsform og kvalitetsnivå.

Kategori	Nivå 1	Nivå 2
Monografi	5	8
Artikkel i tidsskrift og serier	1	3
Artikkel i antologi	0,7	1

Den resultatbaserte modellen gir størst uttelling for publikasjonar på nivå 2. Publiseringsskanalane på nivå 2 skal vere dei mest leiande kanalane og utgjere dei mest framifrå publikasjonane internasjonalt. Ramma for publiseringsskanalar på nivå 2 vert avgrensa til om lag ein femtedel av dei vitenskaplege publikasjonane innanfor faget. Det er Universitet- og høgskulerådet (UHR) sine fagorgan som årleg vurderer nivåinndelinga av publiseringsskanalar for sine fagfelt, og fastsettinga av nivå vert vedtatt av UHRs nasjonale publiseringsutval.¹⁷

Analyse

Diagram 3 syner publiseringspoeng pr. fagleg årsverk ved HVO saman med korleis dei vitenskaplege publiseringane fordeler seg i forhold til kvalitetsnivå på publiseringsskanalane og forma på publikasjonen. I perioden frå 2012 til 2021 har publikasjonar på nivå 2 ved HVO variert årleg mellom 8,1 prosent som det lågaste i 2015 og 22,3 prosent som det høgaste i 2016. HVO hadde auke i talet publikasjonar på nivå 2 frå 14,3 prosent i 2020 til 20,3 prosent i 2021. KD har som mål for UH-sektoren at 20 prosent av publikasjonane skal vere på nivå 2 (TR 2019: 57).




Diagram 3: Publikasjonspoeng pr. fagleg årsverk (stolpar), publiseringsform (linjer) og kvalitetsnivå (stipla linjer) ved HVO i perioden 2012-2021 (DBH og Cristin).

Det var ein nedgang i monografiar frå 2020 til 2021, medan både tidsskriftartiklar og antologikapitlar auka frå 2020 til 2021. Sidan 2015 har tidsskriftartiklar vore den største kjelden til publiseringspoeng ved HVO.

Vurdering

Artiklar i tidsskrift bør vere førsteval sidan dei gir høgare utteljing enn kapitlar i antologiar (sjå **Tabell 7**

¹⁴ Sjå *Vekt på forskning* 2004: 52:

https://npi.nsd.no/dok/Vekt_pa_forskning_2004.pdf

¹⁵ Sjå <https://kanalregister.hkdir.no/publiseringsskanaler/Forside>

¹⁶ Sjå <https://kanalregister.hkdir.no>

¹⁷ Sjå <https://npi.nsd.no/informasjon>

ovanfor). Publisering av antologikapittel kan vere eit tiltak for dei som manglar forskingserfaring og som treng å kome i gang med vitskapleg publisering. Det er likevel publikasjonar i vitskaplege tidsskrift som er den akademiske valutaen som gir sterkast utteljing – både for institusjonen i form av resultatbasert finansierte og for den enkelte fagtilsette i form av kompetansebygging. Dette er gjeldande sjølv om høgskulen signerte DORA-erklæringa i 2020. Med det nye verktøyet NOR-CAM for å vurdere vitskaplege karrierar, er det mogleg at fleire kategoriar av resultat vert teljande.¹⁸

Det er positivt at HVO i 2021 hadde meir enn 20 prosent av publikasjonane på nivå 2. Det same hadde vi i 2016 og 2018. KD har som mål at 20 prosent av publikasjonen skal vere på dette nivået.

4.3 Internasjonal publisering

Endringa av modellen for utrekning av publiseringspoeng i 2015 premierer internasjonalt samforfattarskap med 30 prosent (sjå kapittel 4.2 ovanfor). Det har ført til at det har vorte vanlegare med samforfattarskap med utanlandske fagfellar og med fleire vitskaplege tekstar på engelsk. Målet i UH-lova er at norsk forskning skal ha høgt internasjonalt nivå. I 2021 var 13,4 prosent av tidsskriftartiklane ved HVO skrive saman med internasjonale samarbeidspartnarar. Dette var ein auke frå 8,6 prosent i 2020.




Diagram 4: Tal publikasjonar på engelsk ved HVO (stolpar) og publikasjonspoeng frå artiklar med internasjonal samforfattarskap ved samanliknbare høgskular (linjer).

Analyse

Diagram 4 viser at det har vore ein auke i talet på publikasjonar skrive på engelsk ved Høgskulen i Volda i løpet av dei siste åra med ein førebels topp i 2020 – rekordåret for publiseringar. Det har også vore ein nokonlunde jamn auke i det prosentvise talet på publiseringspoeng frå tidsskriftartiklar med internasjonalt samforfattarskap frå 2015, med ein førebels topp i 2019 då 16,6 prosent av publiseringspoenga ved HVO kom frå publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap. Nedgangen i

internasjonalt samforfattarskap i 2020 og 2021 kan ha samanheng med pandemien.

Likevel viser Diagram 4 at samanliknbare høgskular har ein mykje høgare prosent publiseringspoeng frå internasjonalt samforfattarskap. Gjennomsnittet i UH-sektoren var 59 prosent av publiseringspoenga frå publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap i 2021 (TR 2022: V3.20).

Vurdering

Til tross for ei positiv utvikling for internasjonalt samforfattarskap ved HVO dei siste åra, så gjer den låge prosentdelen internasjonalt samforfattarskap ved HVO at vi får dårlegare utteljing for dei vitskaplege publikasjonane våre samanlikna med andre institusjonar. Samstundes viser den låge graden internasjonalt samarbeid til at HVO i liten grad har eksternt finansierte forskingsprosjekt der internasjonale samarbeidspartnarar ofte er ein føresetnad.

HVO må legge betre til rette for internasjonalisering i forskinga, og det er særleg viktig no etter to år med pandemi og reiserestriksjonar. Samstundes må vi ta med oss erfaringane frå digitale møte og nytte dette til å ha hyppigare kontakt med internasjonale samarbeidspartnarar og ha lågare terskel for å invitere utanlandske forskarar som t.d. gjesteforelesarar digitalt.

4.4 Publisering og kjønn

I Tilstandsrapporten vert også kvinnelege forskarar sin prosentvise del av forfattarbidraga målt. Tala for HVO samanlikna med andre statlege institusjonar er presentert i Diagram 5. Kvinnedelen av forfattarbidraga ved HVO varierer frå år til år, men frå 2020 til 2021 var det ein markant auke frå 45,3 prosent til 53 prosent. Gjennomsnittet blant dei statlege institusjonane var 39 prosent, så dette er eit svært positivt resultat for 2021. Berre OsloMet og Samisk høgskole har fleire forfattarandelar frå kvinnelege fagtilsette enn HVO (TR 2022: V3.18).




Diagram 5: Forfattarbidrag frå kvinner i perioden 2012-2021. Dei fleste institusjonane ligg under 50% (TR 2022: V.3.18).

¹⁸ Sjå <https://www.uhr.no/en/news-from-uhr/nor-cam-a-toolbox-for-recognition-and-rewards-in-academic-careers.5780.aspx>

Analyse

Dei fire siste åra har HVO lege over gjennomsnittet for statlege institusjonar. Dette er til tross for at HVO ligg under landsgjennomsnittet i prosentdel kvinner i toppstillingar (sjå Kapittel 6.2. nedanfor).

Vurdering

Det er svært positivt for HVO at vi no har god kjønnsbalanse i publiseringsbidraga. Dette lover bra for kompetansebygginga for kvinner – både mot førstekompetanse og toppkompetanse.

4.5 Formidling og interne publiseringspoeng

Sidan 2001 har Høgskulen i Volda hatt eit internt system for registrering og poenggiving av FoU-arbeid. FoU-arbeid som får uttelling i det nasjonale systemet for vitenskapleg publisering vert ikkje rekna med i den «interne» poenggivinga. Dei interne poenga kan vere for publikasjonar som lærebøker, artiklar i allmenne tidsskrift, forskingsrapportar, foredrag, bidrag i media og kunstnariske presentasjonar og produksjonar. Dei tilsette registrerer bidraga sine i Cristin, og forskingsadministrasjonen klassifiserer bidraga etter eit detaljert poengsystem. Tvilssaker vert presentert for Publiseringsutvalet. Dei interne FoU-poenga vart evaluert av Forskingsutvalet i 2022 (sak 3/22), og Forskingsutvalet vurderte at ordninga med interne FoU-poeng er unik, velkjent, godt innarbeidd og oppfyller føremåla.

Analyse

Diagram 6 syner at det samla talet på interne poeng har vore nokså stabilt dei siste åra – med unntak av 2017 og 2020 då det var klart lågare produksjon. Den store nedgangen i 2020 kan skuldast mange avlyste foredrag som følgje av koronapandemien. Dei interne FoU-poenga er nesten tilbake på normalt nivå i 2021.




Diagram 6: HVOs interne publiseringspoeng – totalt (stolpe) og pr. fagleg årsverk (linje), i perioden 2012-2021.

Vurdering

Dei interne FoU-poeng er eit insentivsystem som premierer andre FoU-aktivitetar enn dei som er meriterande for opprykk og eksterne søknader. HVO ville kanskje kunne auka dei vitenskaplege publiseringspoenga dersom vi hadde ein insentivordning som ga avkastning på avdelingsøkonomien. Ordninga med interne FoU-poeng er ei omfordeling av midlar internt og viser ikkje kva aktivitetar som har vorte utført. Med dette systemet bruker Forskingsadministrasjonen ved

HVO ressursar på å registrere, klassifisere og omfordele interne midlar. Dette er noko som nesten berre HVO prioriterer å gjere i sektoren. I 2018 vart dei interne FoU-poenga premiert med 4,6 millionar kroner i interne overføringar – ca. dobbelt så mykje som KD ga i insentiv til vitenskapleg publisering. I budsjetta for 2019 og 2020 har denne summen vorte redusert til 2 millionar kroner, og 2,3 millionar kroner har vorte overført til støtte til forskingsgrupper og auke i satsen på FoU-stipenda.

Med etableringa av Norsk vitenarkiv – truleg i 2023 – og innarbeidinga av NOR-CAM for vurderinga av akademisk karrierar bør HVO igjen vurdere ordninga med interne FoU-poeng.

5. Bidrags- og oppdragsfinansiert forskning

Omfanget av bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) er for KD ein peikepinn på samspelet mellom institusjonane og verda omkring. Omfanget av desse inntektene er også nytta som ein indikasjon på forskingskvalitet og evne til å vinne fram i konkurransar om forskingsmidlar (TR 2022: 61). Både bidragsinntekter frå Forskringsrådet og verdien av Horisont 2020-kontraktar pr. fagleg årsverk er nasjonale styringsparametarar.

5.1 Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd (NFR) er den største kjelda for finansiering av forskning i Noreg. I 2021 fekk UH-sektoren nesten 3,9 milliardar kroner frå NFR, og hovudparten gjekk til universiteta (TR 2022: V3.10). Høgskulen i Volda fekk litt meir enn 2,8 millionar kroner frå NFR i 2021, som var ein auke på 250 000 kroner frå 2020. Det vil seie at HVO fekk 0,7 promille av tildelingane frå NFR. Dette utgjorde ein liten auke i NFR-inntekter pr. fagleg årsverk frå 2020 til 2021 – frå 11 000 til 11 500 kroner. I 2021 var gjennomsnittet for alle dei statlege institusjonane 165 000 kroner pr. faglege årsverk, medan det var 29 900 kroner for samanliknbare høgskular.

Diagram 7 syner omfanget av eksterne FoU-inntekter frå NFR, EU og regionale forskingsfond ved HVO i åra 2012-2021.




Diagram 7: Utviklinga i eksterne midlar til forskning ved HVO frå 2012 til 2021.

Inntektene i 2021 var lågare enn forventet for HVO basert på budsjetta til prosjekta. Årsakene var mellom anna utsettingar og forseinkingar grunna koronapandemien som resulterte i reduserte rekneskapsførte inntekter.

Dei prosjekta som gav størst inntekt frå NFR i 2021 var forskingsprosjektet *Manreport* (ASH) etterfulgt av støtteaktiviteten *Kvinneløftet* (FADM) og forskarprosjektet *DigiHand* (AHL) (sjå **Figur 3**). Resten av inntektene kom frå prosjekt der forskarar ved HVO har ei rolle i prosjekt som er leia av andre institusjonar. Desse prosjekta var *Smart Plan* (ASH), *Algae to future* (AMF), Den nasjonale forskarskolen i historie, Faithed og AI4AFL. I tillegg kjem prosjekt finansiert gjennom det

Regionale forskingsfondet. Dei største av desse er SIM og Betre folkehelse.



Figur 3: Nettsida til NFR-prosjektet *Manreport* som vert leia av professor Kjartan Leer-Salvesen ved Avdeling for samfunnsfag og historie.

I 2021 sendte HVO som prosjekteigar fire søknader til Forskringsrådet – tre samarbeidsprosjekt og eit forskarprosjekt (**Figur 4**). I tillegg var tilsette frå HVO samarbeidspartnarar på fleire søknader. Ingen av søknadene der HVO var prosjekteigar fekk tilslag i 2021, men to prosjekt der vi er samarbeidspartnar fekk innvilga støtte. I tillegg fekk Forskringsadministrasjonen tilslag på ein søknad for å kome i gang med søknader til EU på HVO.

Hausten 2021 arrangerte Forskringsadministrasjonen eit mobiliseringsseminar om eksterne søknader. Til søknadsfristene i Forskringsrådet i februar 2022 sendte HVO seks søknader som prosjekteigar. Tre av desse var forbetra søknader frå 2021. Det er positivt at fire av seks prosjektleiarar er kvinner. Svar på søknadene er venta i slutten av juni for samarbeidsprosjekta og i september for forskarprosjekta.



Figur 4: Prosjektleiarar på Forskringsrådssøknader frå HVO i 2022.

Analyse

Høgskulen i Volda held fram med å ha dei lågaste inntektene frå Forskringsrådet blant samanliknbare høgskular i 2021, og vi ligg også lågast når det gjeld løyvingar pr. faglege årsverk (TR 2022: V3.23). Vi har dei siste åra jobba for å auke søknadskompetansen ved

HVO. Det er positivt at HVO no får auka inntektar frå Forskingrådet gjennom Regionalt forskingråd.

Vurdering

Det er bekymringsfullt at løyvingane frå NFR går til universiteta i endå større grad enn tidlegare, og særleg til forskingsmiljø i dei store byane. Det skyldast nok ikkje berre at det er der dei beste forskarane er, men også at universiteta har eit heilt anna format på støtteapparatet rundt søknadsarbeidet og gjerne nyttar eksterne konsulentar i tillegg.¹⁹

HVO har likevel eit potensial for å kunne auke dei eksterne inntektene, men då må vi også prioritere tid og ressursar til arbeid med søknader.

5.2 EU-midlar

Høgskulen i Volda har enno ikkje hatt noko resultat på styringsparameteren «Verdien av Horisont 2020-kontraktar», men vi har fått andre forskingsmidlar frå EU (sjå **Diagram 7** ovanfor). I åra 2013 til 2017 hadde HVO éin prosjektdeltakar i det EU-finansiert forskingsprosjektet *Travelling Texts. The Transnational Reception of Women's Writing at the Fringes of Europe*²⁰. HVO vil satse sterkare mot Horisont Europa som vart lansert i 2021, og Forskingsadministrasjonen har fått midlar frå Forskingrådet til å sette HVO i søknadsposisjon.

¹⁹ Sjå <https://khrono.no/uroa-over-at-dei-store-tek-alle-forskingspengane/587159>

²⁰ Sjå <https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/europeiske-forskingsmidlar-til-topprangert-prosjekt>

6. Kompetanseprofil

Dei tilsette er den viktigaste ressursen til Høgskulen i Volda, og vi må jobbe for å behalde, utvikle og rekruttere ny fagkompetanse for å ha høg kvalitet på både forskinga og undervisninga. Føremålet med denne gjennomgangen er å gjere greie for status når det gjeld kompetanseprofilen på organisasjonen gjennom dei tilsettes faglege kompetanse, kjønns- og alderssamansetning.

6.1 Fagleg kompetanse

Høgskulen hadde total 245 årsverk i undervisnings- og forskarstillingar pr. 1. oktober 2021 (DBH) mot 230 årsverk året før. Dette er ein auke på 15 årsverk.

Diagram 8 viser utviklinga innanfor dei faglege stillingane ved HVO mellom 2012 og 2021, og **diagram 9** viser den prosentvise utviklinga av fagkompetansen dei fem siste åra.




Diagram 8: Utviklinga i tal årsverk i undervisnings- og forskarstillingar ved HVO i perioden 2012 til 2021 (DBH).




Diagram 9: Prosentvis fordeling av årsverk i faglege stillingar ved HVO, 2017-2021 (DBH).

Førstestillingar krev doktorgrad eller tilsvarande, og aktuelle stillingskategoriar for HVO er førsteamanuensis, førstelektor, dosent, professor og professor II. KD ser på prosentdelen førstestillingar som ein indikasjon på kompetanseprofilen til dei tilsette ved ein institusjon (TR 2022: 78). I 2021 vart 53 prosent av dei faglege årsverka ved HVO utførte av tilsette i førstestillingar. I 2012 hadde 46 prosent av dei fagleg tilsette ved HVO førstestilling. Det har vore ei positiv utvikling sidan då, men det går svært sakte (TR 2022: V4.15). Det er fokus på kompetansebygging hos dei andre institusjonane

også, og ingen samanliknbare institusjonar hadde færre tilsette i førstestillingar enn HVO i 2021 (**Diagram 10**). I heile UH-sektoren hadde 77 prosent førstestilling, og HVO kom dårlegast ut mellom dei statlege institusjonane (TR 2022: V4.15).

I 2021 hadde 11 prosent av dei fagtilsette ved HVO toppkompetanse mot 12 prosent i 2020. I heile UH-sektoren hadde 25 prosent toppkompetanse (TR 2020: V4.13).




Diagram 10: Prosentdel førstestillingar ved samanliknbare høgskular i 2021.

Analyse

Dei fagtilsette ved HVO fordeler seg hovudsakleg på to stillingskategoriar der høgskulelektorane utgjorde 38 prosent og førsteamanuensane 24 prosent i 2021. Den største auka i utførte årsverk frå 2020 til 2021 var blant stipendiatane med nesten 11 fleire årsverk og ein auke frå 8 til 12 prosent av fagstaben. I løpet av 2021 returnerte fleire stipendiatar til arbeid frå permisjonar og sjukemeldingar, og det vart tilsett tretten nye stipendiatar. Endringane i årsverk for førsteamanuensar, førstelektorar, professorar, høgskulelærar, dosentar og professor II-arar utgjorde kvar mindre enn eitt prosentpoeng frå 2020 til 2021. Sidan ein topp i 2018, har det vore ein jamn nedgang i talet på høgskulelærarar, sjølv om nedgangen har vore mindre dei siste åra. I 2021 fekk tre tilsette opprykk til toppkompetanse – ein førsteamanuensis fekk opprykk til professor og to førstelektorar fekk opprykk til dosent (sjå **Tabell 9**). Sju tilsette fekk opprykk til førsteamanuensis og fem fekk opprykk til førstelektor (sjå **Tabell 9** og **10**). Til saman fekk 15 fagtilsette opprykk, og dette er det høgaste talet som har fått opprykk i løpet av dei siste fem åra.

Tabell 9: Kompetanseopprykk blant tilsette ved HVO i perioden 2017 til 2021.

Opprykk	2017	2018	2019	2020	2021
Professor	2	2	2	3	1
Dosent	2	0	0	1	2
Førsteamanuensis	3	3	2	3	7
Førstelektor	2	3	2	5	5
Totalt	9	8	6	12	15

I Utviklingsavtalen som HVO har med KD er det fastsett eit mål om at 60 prosent av dei fast tilsette fagtilsette skal ha førstekompetanse i 2022. For å nå dette målet,

må vi auke talet på førstekompetente og/eller redusere talet på høgskulelektorar og -lærarar.

Vurdering

HVO står i eit generasjonsskifte når det gjeld tilsette i førstestillingar og mange med første- og toppkompetanse har gått av med pensjon dei siste åra (sjå **Diagram 10** nedanfor). Det er viktig at HVO rekrutterer inn førstekompetente og støttar tilsette som ikkje har førstekompetanse med å bygge naudsynt kompetanse. HVO har ulike ordningar for å støtte kompetanseheving i tillegg til den ordinære FoU-tida: FoU-stipend, professor-/dosentstipend og 50/50-ordninga for ph.d. for tilsette. HVO har mange tilsette i ph.d.-løp, men vi må også i større grad jobbe systematisk for å rekruttere fleire førstekompetente. HVO som heilheit må jobbe med å utvikle kompetanseprofilen. Vi er på veg med dette arbeidet, og ny strategiplan krev handling.

Forskningsadministrasjonen har tatt initiativ til kompetanseløft blant dei fagtilsette våren 2021 med mellom anna opprykksseminar retta mot både toppkompetanse og førstelektorløp. I tillegg har vi det eksternt finansierte NFR-prosjektet *Kvinneløftet* som brukar ei mentorordning som støtte i opprykksprosessen.

6.2 Kjønnssfordeling

Det er eit nasjonalt mål å arbeide for kjønnsbalanse og likestilling i akademien. Indikatoren for kvinnedelen i faglege toppstillingar er ein nasjonal styringsparameter som skal stimulere til at sektoren jobbar for å betre kjønnsbalansen og likestillinga. Faglege toppstillingar inkluderer professorar og dosentar (TR 2022: 82). Kjønnsperspektivet vert også lagt til grunn i vurderingar av søknader om midlar frå Forskningsrådet, og både EU og Forskningsrådet krev frå 2022 ein likestillingsplan for å innvilge støtte til prosjekt. HVO har ikkje ny likestillingsplan på plass, og førre plan gjekk ut i 2020.

I dei statlege institusjonane utgjorde kvinner 34,5 prosent av dei tilsette i toppstillingar i 2021, som er opp 1,1 prosentpoeng frå 2020 (TR 2022: V4.23). Lågast blant dei statlege institusjonane ligg NHH med 19 prosent kvinner i toppstillingar, og deretter følger HVO med 25 prosent (TR 2021: 82).

HVO hadde eit mål om å doble talet på kvinner i faglege toppstillingar i den førre strategiplanen. Det skulle utgjere minst fem fleire årsverk utført av kvinner i dosent- eller professorstillingar enn i 2016 då dette utgjorde 4,5 årsverk. Hittil har fire fått opprykk til professor eller dosent, men dette har førebels berre demma opp for avgang pga. pensjonsalder. Dette vil truleg snu i 2022, sidan HVO så langt har fått tre nye kvinnelege professorar.

Analyse

Etter toppåret 2019 då HVO hadde 28,4 prosent kvinner i toppstillingane, har det vore ein nedgang fordi kvinnelege toppkompetente har pensjonert seg. HVO har vore gjennom eit generasjonsskifte også blant

kvinnelege toppkompetente. På slutten av 2020 fekk HVO innvilga støtte til å auke talet på kvinner i toppstillingar i eit 2-årig prosjekt gjennom Forskningsrådets program for kjønnsbalanse i akademien. Prosjektet bidreg til å sette fokus på det langsiktige arbeidet for å opparbeide toppkompetanse – både blant kvinner og menn.

Vurdering

Fram til HVO har oppnådd betre kjønnsbalanse blant dei toppkompetente, er det naudsynt å prioritere kvinner som jobbar systematisk mot toppkompetanse ved tildeling av professor-/dosentstipend, FoU-stipend, forskningstid og andre støtteordningar. HVO må prioritere å få på plass ny likestillingsplan.

6.3 Aldersfordeling

HVO har i fleire år hatt den største prosentdelen toppkompetente over 60 år. I 2021 er 45 prosent av professorane ved HVO over 60 år (**Diagram 10**). Dette er det lågaste nivået på lenge, og ein reduksjon frå 53 prosent i 2020.




Diagram 10: Aldersfordeling på professorar ved HVO i prosent. Samanlikning mellom 2018 og 2021.

Også når det gjeld førstestillingar generelt har HVO stått i eit generasjonsskifte over fleire år. **Diagram 11** viser at den største aldersgruppa i 2011 var 55-59 åringer. Desse nådde pensjonsalderen i løpet av dei neste 10 åra. I 2021 har HVO det høgaste talet tilsette i gruppa 60-64 år. Dette viser at generasjonsskiftet ikkje er over.




Diagram 11: Aldersfordeling av årsverk førstestillingar ved HVO i 2011, 2016 og 2021.

I løpet av ti års perioden har gjennomsnittsalderen på dei faglege tilsette ved HVO gått ned frå 50 år i 2011 til 48 år i 2021. Gjennomsnittet for faglege tilsette ved samanliknbare høgskular er 49 år i 2021.

Analyse

Det er positivt at prosentdelen toppkompetente over 60 år ved HVO har vorte redusert dei siste åra. Likevel utgjør framleis aldersgruppa 60 år og eldre den største gruppa med toppkompetente ved HVO, og vi er framleis mellom dei statlege institusjonane som har størst prosentdel toppkompetente i denne aldersgruppa (TR 2022: V4.21). HVO har færre tilsette i aldersgruppa 55-59 år i 2021, og det viser at generasjonsskiftet snart er over for denne gongen.

Vurdering

Samansetninga av aldersgrupper er noko som går i naturlege bølger. Det er forventa at prosentdelen toppkompetente over 60 år vert ytterlegare redusert i åra framover ettersom fleire yngre fagtilsette får toppkompetanse medan dei eldste toppkompetente pensjonerer seg.

6.4 Mellombelse tilsette

Det har vore stort fokus på det høge talet på mellombels tilsette i UH-sektoren generelt og i faglege stillingar spesielt. Dette er derfor ein nasjonal styringsparameter. Åremålsstillingar, som omfattar mellom anna stipendiatar og ein del leiarstillingar, er pr. definisjon mellombelse og reknast ikkje med i denne samanhengen.

For Høgskulen i Volda som statleg arbeidsgivar er det eit mål å ha eit lågt tal på mellombelse tilsette. HVO har redusert prosentdelen av mellombels tilsette i faglege stillingar frå 17 prosent i toppåret 2019 til 14 prosent i 2021. Gjennomsnittet blant dei statlege institusjonane er 13 prosent (TR 2022: V4.28).

Analyse

Det er positivt at HVO har redusert prosentdelen mellombels tilsette og nærmar oss gjennomsnittet i sektoren. Mellombelse prosjektstillingar har auka ved HVO dei siste åra som følgje av oppdrag i dei nye ordningane for kompetanseutvikling i grunnopplæringa (REKOMP og DEKOMP). Det er også naudsynt å nytte vikarar ved langtidsfråvær som følgje av sjukdom og permisjonar.

Vurdering

HVO bør jobbe vidare for å redusere talet mellombels tilsette. Det er likevel viktig å ha vikarar ved langtidsfråvær – elles vil underbemanning gå ut over kvaliteten på både forskning og undervisning. Vi må likevel vere merksame på at det kan gå utover forskingsaktiviteten når det vert for mange tilsette utan førstekompetanse i mellombelse stillingar med lite FoU-tid.

6.5 Kompetanseopptrykk i 2021

I mars 2022 vart det halde opprykksmarkering for tilsette som hadde fått fagleg kompetanseopptrykk til førstelektor, førsteamanuensis, dosent eller professor i dei tre førre åra (**Tabell 10** og **Figur 5**). Ny opprykksmarkering vert truleg arrangert i byrjinga av 2024.



Figur 5: Fagtilsette som har fått opptrykk ved AHL i 2019-2021 på opprykksmarkeringa. Foto: Johann Roppen.

Tabell 10: Tilsette med fagleg opptrykk i 2021. Etter handsaming i TUFO. Sortert kronologisk etter vedtak.

Namn	Avdeling	Ny stilling	Kommentar
Kim Daniel Vattøy	AHL	Førsteamanuensis	Ph.d.
Oda Heidi Bolstad	AHL	Førsteamanuensis	Ph.d.
Beatrice Marlen Unn Gustafsson Reed	AHL	Førsteamanuensis	Ph.d.
Marit Brekke	AHL	Førstelektor	
Odd Helge Mjellem Tonheim	AHL	Førstelektor	
Kristian Fuglseth	AMF	Førstelektor	
Silje Ims Lied	AHL	Førstelektor	
Stein Conradsen	AHL	Førsteamanuensis	Ph.d.
Vidar Myklebust	ASH	Dosent	
Hjalmar Eiksund	AHL	Førsteamanuensis	Ph.d.
Birgitte Fondevik	AHL	Dosent	
Synnøve Moltudal	AHL	Førsteamanuensis	Ph.d.
Roar Stokken	ASH	Professor	Tilsett
Andre Folkestad	AMF	Førstelektor	
Egil Arne Standal	ASH	Førsteamanuensis	Tilsett

7. Støttefunksjonar og verkemiddel

Forsknings- og utviklingsarbeidet ved Høgskulen i Volda (HVO) vert utført av den enkelte fagtilsette, i forsknings- og prosjektgrupper og innanfor rammene av strategiske mål og verkemiddel på avdelingane og fellesnivået.

7.1 Forskningsadministrasjonen

Forskningsadministrasjonen skal medverke til at Høgskulen i Volda når dei strategiske måla sine innanfor forskning og gir råd til leiinga i forskingssjefspørsmål. Forskningschefen er del av leiargruppene til rektor og direktør.

Tilsette i Forskningsadministrasjonen gir støtte og råd til dei tilsette når det gjeld:

- vitenskapelig publisering og forskningskommunikasjon,
- prosjektutvikling og søknader om ekstern finansiering av forskningsprosjekt,
- forskarutdanning og faglege opprykk,
- internasjonalisering i forskinga,
- forskningsetikk og personvern i forskning.

Forskningsadministrasjonen er ansvarleg for vitenskapelig rapportering, sekretariatet for Forskningsutvalet, administrasjon av sentrale støtteordningar, utvikling av forskningsgrupper, rutinar og retningslinjer for forskningsetikk og personvern i forskning, samt institusjonell oppfølging og koordinering av vitenskapelig verksemd og forskarutdanning. Forskningsadministrasjonen er eit internt og eksternt kontaktpunkt for forskning, og vi skal bidra til å styrke arbeidslivssamarbeid og innovasjon ved høgskulen.

I 2021 har Forskningsadministrasjonen hatt ein auke i talet på årsverk. Forskningsrådgivar Geir Tangen og forskingssjef Henriette Hafsaas heldt fram i sine stillingar, medan vikar Hildegunn Hovde i 50% slutta etter juli. Trude Carlsen tok til som forskningsrådgivar i 50 % frå midten av august 2021 med fokus på prosjekta i Forskningsadministrasjonen. I midten av oktober starta forskningsrådgivar Sunniva Hagen opp i ei nyoppretta 100% stilling med fokus på støtte til søknader om eksterne midlar, internasjonalisering, forskarutdanning, personvern og datahandtering.

7.2 Forskningsutvalet

Forskningsutvalet er høgskulens sentrale organ i forskingssjefspørsmål med mandat frå Høgskulestyret (sak 34/2019):

Forskningsutvalet er eit rådgivande og strategisk organ for rektor og Høgskulestyret i saker som gjeld forskning, formidling, innovasjon, forskarutdanning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Forskningsutvalet skal legge til rette for diskusjon og erfaringsutveksling

mellom avdelingane med sikte på å utvikle beste praksis i dei sakene som vert handsama.

Forskningsutvalet skal:

- *fremje forskning ved Høgskulen i Volda (HVO) i tråd med strategiplanen*
- *gjve råd om strategiar og tiltak som kan styrke omfanget og kvaliteten på forskning og utvikling ved HVO*
- *gjve råd om forskarutdanning og stipendiatsatsing*
- *vere pådrivar for at forskinga ved HVO held høg kvalitet og fører til nasjonal og internasjonal vitenskapelig publisering*
- *vere pådrivar for internasjonalisering av forskinga*
- *disponere og følgje opp bruken av dei strategiske forskingsmidlane ved HVO*
- *fremje god forskningsskikk gjennom å utarbeide forskningsetiske retningslinjer*
- *på førespurnad kvalitetssikre forskningsprosjekt ved HVO*
- *handsame årleg forskingsmelding som skal leggjast fram for Høgskulestyret*
- *gjve innstilling til styret om FoU-prisen*
- *inspirere til formidlingsverksemd og godkjenne tildeling av interne FoU-poeng*
- *stimulere til studentaktiv FoU-verksemd*

I 2021 vart det halde sju møte i Forskningsutvalet, og 51 vedtakssaker vart handsama. Rektor Johann Roppen leia Forskningsutvalet, og forskingssjef Henriette Hafsaas var sekretær. Avdelingane var representerte med dekan og ein fagleg representant, studentane hadde to representantar, og stipendiatane hadde éin representant. Forskningsutvalet består av dei nemnde faste medlemmane inkludert rektor. I tillegg møter observatørar: Høgskuledirektør, biblioteksjef og forskningsrådgivarar (sjå **Vedlegg 2** for Forskningsutvalets samansetning i 2021). I 2021 vart tre av møta halde digitalt på grunn av smittevernrestriksjonar.

7.3 FoU-tida på avdelingane

Det meste av forsknings- og utviklingsarbeidet foregår på avdelingane i FoU-tida til dei vitenskapelig tilsette.

Dekanen på kvar avdeling disponerer FoU-ressursen gjennom arbeidsplanar der kvar enkelt tilsett får definert tid til undervisning, forskning og utvikling, samt administrasjon. Fordelinga av arbeidsoppgåvene skal ta omsyn til kompetanse, interesser og aktuelle behov på avdelingane. Forskingsmeldinga 2020 hadde med ein analyse av forholdet mellom forsknings- og undervisningstid ved HVO gjennom ei undersøking av korleis avdelingane fordeler og følgjer opp tildelinga av FoU-tid.²¹

I UH-sektoren sin tidsbruksundersøking, utført av Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og

²¹<https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/forskingsmelding-2020nettside.pdf> s. 9-12.

utdanning (NIFU), vert FoU-arbeid skildra slik: «Arbeid som er direkte knytta til eigen FoU, både egne prosjekt og leing eller assistanse ved andres prosjekt. Dette kan inkludere litteraturstudiar, publisering av forskingsresultat, reiser, planlegging av prosjekt, administrasjon av FoU, deltaking på konferansar og egne utdanningsaktivitetar» (NIFU 2021/15: 33).

Ramma for fordelinga av arbeidstida ved HVO er styrevedtak 34/2015, der dei fagtilsette får tildelt ulik tid til FoU etter stillingskategori ifølgje retningsgivande satsar (**Tabell 11**). Dette vedtaket er eit viktig verktøy, ettersom tildelinga av FoU-tid føreset dokumenterte resultat gjennom dei tre siste åra. Eit anna punkt i vedtaket er at alle fagmiljø bør ha avtale om at ein av dei tilsette med toppkompetanse skal bruke inntil 15 prosent av undervisningsressursen til forskingsleing og rettleiing av kollegaene. Avdelingane kan også nytte professor II-arar til dette. Avdelingane er også oppmoda til å gi forskingsgruppeleiarane tid til leing av gruppa.

Tabell 11: Rettleiande satsar i % for inndeling av arbeidstida i undervisning, FoU-tid og administrasjon frå styrevedtak 34/2015.

Stilling	Undervisning	FoU	A d m	I alt
Professor/ Dosent	50	45	5	100
Førsteam./ førstelektor	55	40	5	100
Høgskule- lektor	65	30	5	100

Tidsbruksundersøkinga 2021

NIFU har kvart femte år ei tidsbruksundersøking som samlar inn data om tidsbruka til dei vitenskapleg tilsette i UH-sektoren til mellom anna forskning, undervisning, fagleg rettleiing og administrasjon. Den siste undersøkinga vart gjennomført i 2021 (NIFU 2021/15: 13). I denne utgåva av undersøkinga er HVO aggregert inn saman med dei fire andre statlege høgskulane. Tilsette i førstestillingar ved dei statlege høgskulane brukte i snitt arbeidstida slik:

- 46 prosent til undervisning,
- 25 prosent til forskning,
- 14 prosent til administrasjon,
- 9 prosent til rettleiing,
- 4 prosent til formidling,
- 2 prosent til anna (NIFU 2021/15: Tabell V.1).

Svarprosenten til HVO var 41 prosent (NIFU 2021/15: Tabell 1.1). Tidsbrukundersøkinga viser at FoU-tida er under press. Det er ein internasjonal trend at vitenskapleg tilsette må utføre stadig flere oppgaver som resulterer i aukande arbeidspress og fragmentering av arbeidstida (NIFU 2021/15: 11).

Hovudfunna for undersøkinga nasjonalt viser elles mellom anna at:

- Høgskulelektorane undervisar mest.

- Stipendiatane forskar mest.
- Alle jobbar lange arbeidsveker – og professorane arbeidar mest.
- Mindre tid til FoU enn i 2016.
- Koronapandemien har slått ulikt ut.
- Større kjønnsforskjellar i tidsbruken tidleg i karrieren (NIFU 2021/15: 9-10).

Andre UH-institusjonar tar no grep for å verne om forskingstida, t.d. UiB fram.²² Ifølgje internasjonale retningslinjer bør undersøkingar om tidsbruk gjerast på individnivå då forskarane sine egne vurderingar ofte er meir presise enn administrative estimat basert på t.d. arbeidsplanar (NIFU 2021/15: 12).

På grunnlag av aukande press på FoU-tida samstundes som det er høge krav om kompetansebygging bør også tidsbruken ved HVO undersøkast og dei rettleiande satsane i styrevedtaket frå 2015 verte justert dersom det er stort sprik mellom ideal og realitet. Det må også rettast eit fokus på at forskning i stor grad krev god disponering av tida frå dei fagtilsette, og administrativt tilsette bør kome tettare på kjerneverksemda for å avlaste dei faglege tilsette.

7.4 Internasjonalisering av forskinga

Den internasjonale forskingsverksemda ved HVO tar utgangspunkt i dei enkelte forskarane og deira nettverk. Nokre få forskarar er med i internasjonale forskingsprosjekt eller har vore tilknytt internasjonale nettverksbyggande tiltak, mellom andre EUs COST Action. Tilsette ved HVO publiserer stadig oftare på engelsk for å nå ut til internasjonale fagfellar (sjå Kapittel 4.3 ovanfor). KD ønsker fleire internasjonale forskingsprosjekt, fortrinnsvis EU-midlar, og meir internasjonal sampublisering. Den resultatbaserte omfordelinga frå ei fastsett ramme frå KD gir forskingsinsentiv til mellom anna midlar frå EU og auka utteljing på publikasjonar med internasjonalt samforfatterskap.

Koronapandemien har vore negativ for internasjonalisering. Også i 2021 har dei fleste internasjonale konferansar vore digitale. Det er forventat at koronapandemien vil gi færre konsekvensar for internasjonalisering i 2022.

7.5 Støtteordningar for forskning

Det finst ei rekke felles støtteordningar for forskning ved Høgskulen i Volda som vert prioritert av Høgskulestyret og tildelt av Forskingsutvalet. Målsettingane med desse er vitenskaplege publikasjonar, kompetanseheving og søknader om eksterne forskingsmidlar.

FoU-stipend («vikarstipend»)

Føremålet med FoU-stipenda er å gje fagleg tilsette høve til å arbeide konsentrert med forskingsarbeid i eitt semester. Forskingsutvalet tildeler FoU-stipenda etter ein prosess der alle fast tilsette vert inviterte til å kome

²² <https://www.uib.no/fram>

med søknader som avdelingane kvalitetssikrer og prioriterer. Forskingssjef innstiller til Forskingsutvalet på tildelinga og fordelinga mellom avdelingane. I 2021 vart det tildelt ti FoU-stipend for uttak i 2022 (Tabell 12). FoU-stipend til professor-/dosentstipendhaldarar vert tatt frå ein annan budsjettpost enn dei ordinære FoU-stipenda. Ordninga med FoU-stipend er eit viktig element i den eigenfinansierte 5-årige doktorgradsutdanninga der fast tilsette kan gå inn i ei ordning der dei får to FoU-stipend i løpet av ph.d.-studiet. FoU-stipend vert nytta etter same mønster i ordninga med professor-/dosentstipend.

Tabell 12: Tildelte FoU-stipend i 2021 for uttak i 2022.

Professorstipendhaldarar (alfabetisk):		
Namn:	Stilling:	Avdeling:
Jonas Gamborg Lillebø	Førsteamanuensis	AHL
Helga S. Løvoll	Førsteamanuensis	AKF
Tilsett i den interne 5-årige ph.d.-ordninga:		
Namn:	Stilling:	Avdeling:
Ingeborg K. Berget	Høgskulelektor	AHL
Kvinner med opprykksmoglegheit for toppkompetanse:		
Namn:	Stilling:	Avdeling:
Margit Ystanes	Førsteamanuensis	ASH
Kristin Hatlebrekke	Førstelektor	AHL
Torhild Høydalsvik	Førsteamanuensis	AHL
Etter justering av avdelinganes vurderingar (alfabetisk):		
Namn:	Stilling:	Avdeling:
Ellen Synnøve Aarseth	Høgskulelektor	ASH
Ellen Madssen	Høgskulelektor	ASH
Kjetil Høydal	Førsteamanuensis	AKF
Steinar Høydal	Førstelektor	AMF
Kari Ryslett	Høgskulelektor	AHL
Hege Synnes	Høgskulelektor	AKF

I den utgåande strategiplanen til HVO har fleire kvinner i toppstillingar vore ei viktig målsetting, og kvinner som er nær toppkompetanse har vorte prioriterte ved tildeling av FoU-stipend. I tildelinga i 2021 fekk kvinner tildelt sju av dei ni opne FoU-stipenda, og tre av desse FoU-stipenda gjekk til kvinner med potensial for opprykk til toppkompetanse.

For å måle effekten av FoU-stipenda på forskning har Forskingsadministrasjonen undersøkt i kva grad FoU-stipenda har gitt resultat på styringsparameterane om vitenskapleg publisering og opprykk i perioden 2015 til

2021 (Tabell 13). Publiseringspoenga frå FoU-stipendmottakarane er rekna ut frå det året FoU-stipendet vart teke ut og dei to påfølgande åra. Dei som har utsett uttak av FoU-stipenda er ikkje med i undersøkinga.

Analyse

Tabell 13 viser at FoU-stipendmottakarane i gjennomsnitt har fleire publiseringspoeng pr. fagleg tilsett enn gjennomsnittet for HVO i 14 av 18 undersøkte år. Det er likevel stor variasjon mellom dei enkelte stipendmottakarane ettersom gjennomgang på individnivå viser at for åra 2015 til 2019 har 11 av 50 FoU-stipendmottakarar ikkje publisert vitenskapleg i den undersøkte perioden. For dei som jobbar med monografar tar det ofte litt tid før resultatet vert publisert, og nokre tilsette har fått FoU-stipend for å gjennomføre andre tiltak enn vitenskapleg publisering. Tabell 13 viser også at mellom FoU-stipendmottakarane har så langt 16 av 50 tilsette fått opprykk. Tala viser at ein høg prosentdel av dei som har fått FoU-stipend får innvilga opprykk i løpet av dei påfølgande åra etter uttak av stipendet. Seks (av åtte) FoU-stipendmottakar har oppnådd førstekompetanse utan å vere i 50/50-ordninga, medan fem (av åtte) førstekompetente har fått opprykk til toppkompetanse utan å ha professor-/dosentstipend.

Vurdering

Gjennomgangen av publiseringspoeng og opprykk for FoU-stipendmottakarar gjennom ein periode på tre år frå FoU-stipenduttak viser at ordninga i hovudsak fungerer etter intensjonen. Undersøkinga viser likevel at 1 av 5 stipendmottakarar ikkje publiserte vitenskapleg, og søknadene og rapportane frå FoU-stipendmottakarane viser at dette ikkje berre kan forklarast med at det tar lang tid med vitenskapleg publisering. Dette kan tyde på at det har vore for lite konkurranse om stipenda og at det må stillast krav om at søkerane skal nytte FoU-stipenda til aktivitetar som gir konkrete resultat for forskning og kompetansebygging. I tildeling i 2021 for uttak i 2022 har talet på FoU-stipend pr. år vorte redusert til ti medan satsen pr. FoU-stipend har vorte auka til 300 000 kroner (Tabell 12). Forskingsadministrasjonen vurderer det også som nyttig å ha betre oppfølging av dei som har FoU-stipend i løpet av forskingsterminen. Mange utsettingar av stipenda viser også at det er naudsynt med betre forankring hos instituttleingane.

Tabell 13: Oversyn over FoU-stipend tildelt, tatt ut, publiseringspoeng og opprykk. 2015-2021.

FoU-stipend			Publiseringspoeng							Opprykk		Uttak spesialstipend 50/50 og prof./dos.
Årstal	Tildelt	Tatt ut	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Første	Topp	
2015	10	10	1,75	0,59	0,52					2	1	50/50: 2
2016	10	10		0,79	0,68	0,69					4	50/50: 2 og prof./dos. 2
2017	11	10			0,41	0,64	0,89			3	1	50/50: 4 og prof./dos. 1
2018	10	10				0,37	0,67	1,57				50/50: 2 og prof./dos. 1
2019	15	10					0,70	1,83	0,20		1	Prof./dos.: 3
2020	16	14						0,89	0,46	3	1	50/50: 1 og prof./dos.: 1
2021	15	11							0,23			50/50: 1 og prof./dos.: 1
Totalt	87	75?	0,49	0,49	0,51	0,42	0,46	0,82	0,45	8	8	50/50: 12 og prof./dos.: 8
Publiseringspoeng pr. UFF-tilsett ved HVO												

Med sterkare press frå KD om å publisere meir vitskapleg må FoU-stipendordninga verte styrt meir mot prosjekt som skal føre til vitskapleg publisering og/eller opprykk på sikt. På bakgrunn av evalueringa har Forskingsutvalet revidert retningslinjene for FoU-stipenda i 2021 slik at dei forventata resultata frå det faglege og/eller kunstnarlege utviklingsarbeidet vert gjort tydeleg, og dette har også vorte klargjort i søknads- og rapporteringsskjemaet. FoU-stipendmottakarane må også få tettare oppfølging undervegs i forskingssemesteret.

Professor-/dosentstipend

Sidan 2014 har HVO med ujamne mellomrom tildelt professor-/dosentstipend som eit tiltak for å auke talet på toppkompetente.²³ Stipenda følgjer i stor grad vilkåra for den interne 50/50-ordninga for ph.d. Det vil seie 50 prosent arbeidstid til å forske og to FoU-stipend i løpet av perioden. Sidan 2017 har stipenda vore gitt for tre år medan dei vart gitt for fem år i dei to første tildelingane. Dei som tar del i ordninga får også driftsmidlar som doktorgradsstipendiatane og kan søkje om utanlandsstipend på like linje med dei. Sidan 2014 har seks av tolv stipendmottakarar oppnådd professorkompetanse (Tabell 15).

Tabell 15: Tildelte professor-/dosentstipend og oppnådd professorkompetanse.

Tilsett	Avd.	Tidsrom	Opprykk
Homlong, Nathalie	ASH	H2014-V2019	2015
Sæther, Knut Willy	AHL	H2014-V2019	2017
Torrissen, Wenche	AKF	H2014-2019	2019
Hovlid, Ellen Lexerød	AMF	V2015-H2019	2022
Erdal, Ivar John	AMF	V2015-H2019	
Fooladi, Erik	AHL	V2017-H2019	
Fondevik, Birgitte	AHL	V2017-H2019	2021
Lillebø, Jonas G.	AHL	V2019-H2021	
Løvoll, Helga S.	AKF	V2019-H2021	2022
Rogne, Wenche Mork	AHL	V2019-H2021	Søknad sendt
Juuhl, Gudrun Kløve	AHL	V2022-H2024	
Stig, Helset	AHL	V2022-H2024	

Inntil tre professor-/dosentstipend er også lyst ut i 2022.

Gjennom NFR-prosjektet Kvinneløftet organiserer også Forskingsadministrasjonen ei mentorordning for å støtte arbeidet med opprykk til toppkompetanse.

Vurdering

Ordninga med professor-/dosentstipend er relativt kostbar for HVO ettersom kvart professor-/dosentstipend har ein kostnad på kr. 750 000 (FoU-stipend og driftsmidlar). I tillegg kjem ekstra FoU-tid i fire semester og eventuelle utanlandsstipend. Då er det essensielt at tiltaket verkar etter intensjonen. Forskingsutvalet vedtatt tiltak for å gjere professor-/dosentordninga meir målretta.

Såkorndmidlar

Såkorndmidlar «skal bidra til auka forskingsaktivitet ved HVO ved å stimulere og hjelpe til å sette i gang forskings- og utviklingsprosjekt. Søknader om støtte til å drive fram og utvikle søknader til regionale, nasjonale eller internasjonale (EU) forskingsfond og andre finansieringskjelder vil bli prioritert». Føremålet med ordninga er å auke bidrags- og oppdragsinntektene gjennom å sende fleire søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder. I 2021 vart det lyst ut 900 000 kroner i såkorndmidlar i tillegg til inndregne midlar. Til saman fire prosjekt fekk innvilga heile eller delar av summen dei søkte om og kr. 597 000 vart tildelt (Tabell 15). Alle mottakarane av såkorndmiddel i 2021 sendte søknadar om eksterne midlar i 2021 eller til Forskingsrådsfristane i februar 2022.

Vurdering

I 2021 starta Forskingsutvalet ein strengare praksis slik at såkorntildelingane i større grad følger retningslinjene for ordninga. Målet er å sikre fleire søknader om eksterne midlar i åra som kjem. Frå 2019 har HVO tildelt støtte til forskingsgrupper, så det skal i mindre grad vere behov for å nytte såkorndmidlar til mindre forskingsprosjekt og etablering av forskingsgrupper ved HVO. Tabell 14 syner prosjekt som fekk såkorndmidlar i 2021.

Tabell 14: Prosjekt som fekk tildeling av Såkorndmidlar i 2021.

Søkjjar	Prosjekt	Sum
Trudi Henrydotter Eikrem	SIMPEL -simulerings-pedagogikk i lærarutdanninga	200 000
Marie Nedregotten Sørbo	Women Writers in Past European Culture/TEACHWOMEN	100 000
Marit Ulvund	#UngKunstSkole: Vidare-utvikling NFR-søknad	140 000
Andreas Brandsæter	Programming for mathe-matical understanding	157 000

²³ Sjå meir info her:

<https://www.hivolda.no/forsking/stotteordningar/professor-dosentstipend-0>

Økonomioversikter viser at mange såkornprosjekt går over fleire år. I lys av at KD har innført retningslinjer som motverkar oppbygging av avsetningar, må Forskingsutvalet sjå på korleis ordninga kan vert tildelt utan å føre til avsetningar. Det er dessutan viktig at tildelte midlar vert tatt i bruk. Inndregne midlar vert lagt til potten for såkornmidlar.

7.6 Publiseringssutvalet

Publiseringssutvalet vart oppretta i 2013 og har ansvaret for rådgiving og utvikling når det gjeld publisering, open tilgang (Open Access), rapportering av vitskaplege publikasjonar og tildeling av interne FoU-poeng. Publiseringssutvalet er også redaksjon for skriftseriane og kan tildele trykkjstøtte. Rektor er leiar for publiseringssutvalet, og forskingsrådgivar Geir Tangen er sakshandsamar. I 2021 vart det halde eitt møte i Publiseringssutvalet og to saker vart handsama.

Høgskulen i Volda gir ut to skriftseriar, *Rapport* og *Notat*. I 2021 vart det publisert ni rapportar og tre notat. Skriftseriane vert gjort tilgjengelege på høgskulens nettsider gjennom det opne institusjonsarkivet Bravo.

Trykkjstøtte vert gitt som tilskot for å sikre publisering i eksterne publiseringsskanalar – fortrinnsvis på forlag. Vitskaplege monografar og antologiar utgitt på godkjente vitskaplege forlag vert prioriterte, men også andre typar utgivingar kan få stønad. Støttebeløpet varierer med trykkjekostnader og budsjettssituasjonen. Tildelt trykkjstøtte i 2021 var kr. 100 000 for til saman fire publikasjonar (**Tabell 15**).

Tabell 15: Trykkjstøtte tildelt i 2021.

Søkjar	Publikasjon	Sum
Per Halse og Anders Aschim	Historia om den første nynorskbielen. Novus forlag.	25 000
Inger Marie Okkenhaug (red.)	Forhandlinger om sekularitet og religion: Norske aktører, debatt og praksis, 1870 til 1970. Universitetsforlaget.	25 000
Jan Ove Ulstein	Oppbrotsteologi på det lange 70-talet. Cappelen Damm Akademisk.	25 000
Stig J. Helset	Skriftkultur. Cappelen Damm Akademisk.	25 000

Sidan 2014 har HVO hatt eit publiseringssfond for tidsskriftartiklar med open tilgang (Open Access). I 2021 har publiseringssfondet tildelt 91 500 kroner i støtte til

fire tidsskriftpublikasjonar. Inntil halvparten av beløpet som vert brukt til open tilgang kvart år vert refundert frå Forskingsrådet.

7.7 Forskingsetikk

Forskingsutvalet ved Høgskulen i Volda har vedtatt forskningsetiske retningslinjer,²⁴ og Høgskulen i Volda har eit felles «Redelighetsutvalg» saman med Høgskolen i Molde og Møreforskning.²⁵ I 2020 gjennomførte Riksrevisjonen ei etterlevingsrevisjon om forskningsetikk. Den viste at HVO må få på plass eit system som sikrar at alle faglege tilsette har fått opplæring i forskningsetikk.

Personvern i forskning

I 2020 innførte HVO nye retningslinjer og rutiner for personvern i forskning.²⁶ Ved handsaming av personopplysningar har forskarar og studentar ved HVO framleis plikt til å registrere og dokumentere handsaminga av personopplysningane og melde dette til NSD. Cecilie Røeggen var personvernombod i 2021.

I **Tabell 16** nedanfor går det fram kor mange prosjekt ved HVO som har vorte meldt til NSD gjennom dei siste ti åra. AHL etterfulgt av ASH har flest melde prosjekt. I 2021 vart det meldt inn 100 prosjekt, som er det høgaste talet på innmeldte prosjekt ved HVO i løpet av eitt år. Dette skuldast truleg dei nye retningslinjene for personvern i forskning. Det indikerer også at koronaåret ikkje har hatt for stor negativ innflyting på forskingsaktiviteten ved HVO.

HVO betalar eit grunnbeløp på kr. 55 000 og i tillegg ei avgift på kr. 2 676 pr. melde prosjekt. I 2021 var dei samla utgiftene til NSD på 282 000 kroner. Forskingsutvalet har vedtatt at avgiftene skal ligge på fellesnivået.

Tabell 16: Prosjekt frå HVO meldt til NSD, 2011-2021, fordelt på avdelingar og forskar-/studentprosjekt.

Avd.	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
AHL	17	21	21	16	18	17	37	33	10	43	47	280
AKF	2	16	8	5	7	5	9	2	3	5	13	75
AMF	0	0	0	2	0	1	1	4	1	3	4	16
ASH	13	9	16	19	17	16	11	17	6	36	36	196
Andre	0	2	2	0	2	2	1	0	0	0	0	9
Sum	32	48	47	42	44	41	59	56	20	87	100	576
Student	27	43	42	32	35	27	39	43	12	56	72	428
Forskar	5	5	5	10	9	13	20	13	8	31	28	147

²⁴ Sjå <https://www.hivolda.no/forsking/forskingsetikk-og-personvern/forskingsetiske-retningslinjer-hvo>

²⁵ Sjå <https://www.hivolda.no/forsking/etikk-og-personvern/redelighetsutval>

²⁶ Sjå <https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling-0/forskingsetikk/personvern-forsking>

Vedlegg 1: Forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda

Forskingsgrupper som fekk støtte i 2021. Sjå oppdatert liste over aktive forskingsgrupper her:

<https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling-0/forskingsgrupper>

Animasjon – før og no
Barn, barndom og hverdagsliv
Barnevernsforskning
Berekraftsdidaktikk
Cardiff University – ASH
Demokrati og medverknad
DigiHand
Digital kultur og offentlighet
Drug addiction and recovery in Tanzania
Future Skills Lab
Heim og utdanning
Juss
Kreative læreprosessar i musikk
Kulturmøte
Kultur og helse
Kunstnarisk utvikling
Litteratur
Litteratur og musikk
Læringsprosesser og vurderingshandlingar
Matematikkdiraktikk
Medvit
Mediene og det internasjonale samfunn
Medier, profesjoner og samfunn
Mediedesign
Mikrohistorie
Natursyn, estetikk og etikk
NAV-gruppe
Norsk i grunnskulelærarutdanninga
Nynorsk skriftkultur
Profesjonsetikk
Profesjonsforskning
Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)
Randsonemedier
Religion og livssyn
Samfunnsfagdidaktikk
Spesialpedagogikk og inkludering
Språkleg og kulturelt mangfald
Tidleg litterasitet/literacy i barnehage og skule
Tverrprofesjonelt samarbeid
Volda medvitsforum

Vedlegg 2: Forskingsutvalets samansetning i 2021

Medlemmer, vara og observatørar i Forskingsutvalet i 2021

Faste medlemmer:	Eining	Vara
Leiar: Rektor Johann Roppen	Rektoratet	Prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim
Dekan Randi Bergem	ASH	Høgskulelektor Harald Krøvel
		Høgskulelektor Ingvild Sande Lillebø
Førsteamanuensis Ola Teige	ASH	Professor Øyvind Økland
		Professor Inger Marie Okkenhaug
Dekan Arne Myklebust	AHL	Prodekan Per Halse
		Førsteamanuensis Torhild Høydalsvik
Professor Knut-Willy Sæther	AHL	Førsteamanuensis Oda Heidi Bolstad
		Førsteamanuensis Stig Helset
Dekan Unni Hagen	AKF	Professor Helga Synnevåg Løvoll
		Førsteamanuensis Kjetil L. Høydal
Professor Wenche Torrisen	AKF	Førsteamanuensis Stein Helge Solstad
		Førsteamanuensis Karen Brønne
Dekan Kate Kartveit	AMF	Prodekan Paul Bjerke
		Administrasjonssjef Marit Gridseth Flø
Førstelektor Lars Julius Halvorsen	AMF	Førsteamanuensis Kjetil Vaage Øie
		Professor Ellen Lexerød Hovlid
Stipendiat Elisabeth Busengdal	Stipendiatane	Stipendiat Andreas Tjomsland
Student Trond-Fredrik H. Hoddevik (vår)	Student-	Student Marte Nesfossen (vår)
Student Monira Adam (haust)	parlamentet	Student Bodil Lerøy (haust)
Student Trygve Taranger (vår)	Student-	Student Mariely Gonzalez Barboza (vår)
Student Leander Prag Sømme (haust)	parlamentet	Student Matilde Tafjord Rødhammer (haust)
Sakshandsamar og skrivar:	Eining	
Forskingssjef Henriette Hafsaas	Forskingsadm.	
Observatørar:	Eining	
Høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen	Leiinga	
Biblioteksjef Mona Iren Auganæs	Biblioteket	
Forskingsrådgivar Geir Tangen	Forskingsadm.	
Forskingsrådgivar Hildegunn Hovde (vår)	Forskingsadm.	
Forskingsrådgivar Trude Carlsen (haust)	Forskingsadm.	
Forskingsrådgivar Sunniva Hagen (frå oktober)	Forskingsadm.	

Samansettinga av Forskingsutvalet er bestemt av Høgskulestyret i sak 4/2013.

- Funksjonstida for dei fagtilsette representantane er frå 1. mars 2021 til 28. februar 2025.
- Funksjonstida for stipendiatane er to år.
- Funksjonstida for studentrepresentantane er eitt år.